




# Årsrapport om betalingssystem

2006

m a i  
2007



# Noregs Banks årsrapport om betalingssystem

**Noregs Bank skal medverke til robuste og effektive betalingssystem.** Dette følger av sentralbankloven og betalingssystemloven. I sentralbankloven heiter det at Noregs Bank skal fremme eit effektivt betalingssystem innanlands og overfor utlandet. Betalingssystemloven gir Noregs Bank eit særskilt ansvar for konsesjon og tilsyn med system for avrekning og oppgjer av pengeoverføringar mellom bankane.

Noregs Bank overvaker betalingssystema for å avdekkje forhold som kan svekkje stabiliteten i det finansielle systemet. Arbeidet er først og fremst retta mot å avgrense risikoen i avreknings- og oppgjerssystema, men Noregs Bank overvaker òg viktige utviklingstrekk i betalingssystemet som heilskap. Vidare syter Noregs Bank for sikkert og effektivt oppgjer av betalingar mellom bankane på deira konti i Noregs Bank og forsyner samfunnet med setlar og myntar på ein måte som fremmer eit effektivt betalingssystem.

**Årsrapport om betalingssystem** gjer greie for Noregs Banks overvaking av viktige betalings- og oppgjerssystem. Rapporten har blitt utgitt sidan 1988 og gir ei årleg oppdatering av utviklingstrekk og prisar i betalingsformidlinga.

Rapporten for 2006 er gruppert i fem kapittel. I dei fire første kapitla blir i hovudsak dei kunderetta tenestene omtalte. I kapittel 5 og i appendikset til rapporten blir Noregs Banks overvaking av interbanksystema omtalt. I tillegg har rapporten eit tabellvedlegg med forklaringar.

Årsrapport om betalingssystem kjem ut ein gong i året. Rapporten er også tilgjengeleg på Noregs Banks heimeside: [www.norges-bank.no](http://www.norges-bank.no)

Årsrapport om betalingssystem kan tingast frå:

Noregs Bank, Abonnementsservice

Postboks 1179 Sentrum

0107 Oslo

Telefon: 22 31 63 83

Telefaks: 22 31 64 16

E-post: [central.bank@norges-bank.no](mailto:central.bank@norges-bank.no)

Tabellane i rapporten er også tilgjengelege på Noregs Banks heimesider i Excel-format.

Ansvarleg redaktør: Svein Gjedrem

Omslag og grafisk design: Grid Strategisk Design AS

Sats: Noregs Bank

Trykk: LoboMedia AS

Teksten er sett med 11,5 pkt. Times

ISSN 1503 - 8602 (trykt)

ISSN 1503 - 8610 (online)

# Leiar

Årsrapport om betalingssystem gjer greie for Noregs Banks overvaking av viktige betalingssystem og for utviklinga innan betalingsformidling i Noreg og i utlandet. Årets rapport er den tjuande utgåva. Sidan den første rapporten blei publisert, har papirbaserte betalingstenester blitt byta ut med elektroniske tenester. I 2006 blei 95 prosent av betalingane med kontopengar i Noreg overførte med elektroniske betalingsinstrument. Nordmenn bruker betalingskort og nettbank stadig meir. Utviklinga medverkar til å gjere det norske betalingssystemet meir effektivt.

I eit effektivt betalingssystem er høg tryggleik viktig. Det er ein føresetnad for at kundane skal ha tillit til dei betalingstenestene bankane tilbyr. Auka bruk av elektroniske betalingstenester stiller krav til at bankane held fram å utvikle løysingar som er praktiske for kundane, og som hindrar svindel. Omfanget av svindel med elektroniske betalingstenester er lågt i Noreg, men hendingar i 2006 har vist at det er viktig at banknæringa tek denne trusselen alvorleg.

Noregs Bank ser over risikoen i sentrale betalings- og oppgjerssystem. Formålet er å sikre at systema er utforma slik at omsynet til finansiell stabilitet er teke vare på. Eit velfungerande interbanksystem er òg ein føresetnad for effektive betalingstenester til kundane. Noregs Bank har vurdert dei viktigaste interbanksystema i Noreg opp mot internasjonale tilrådingar. Vi finn at systema har høg kvalitet, og at dei tilfredsstillar tilrådingane med berre mindre atterhald.

*Svein Gjedrem*



# Årsrapport om betalingssystem 2006

<i>Leiar</i>	3
<i>1. Betalingssystemet i Noreg</i>	7
1.1 Kontantar	7
1.2 Kontopengar	7
1.3 Eit effektivt betalingssystem	8
<i>Ramme:</i> Årsrapport nummer 20	9
<i>2. Betalingsinstrument</i>	11
2.1 Tilgang til kontantar og kontopengar	11
2.2 Kontantar	11
2.3 Kontopengar	12
<i>Ramme:</i> Tryggleik i nettbank	16
<i>3. Prisar i betalingsformidlinga</i>	17
3.1 Bankanes inntekter frå betalingsformidling	17
3.2 Kundeprogram	17
3.3 Prisar på kontantuttak	18
3.4 Prisar på betalingsinstrument	19
3.5 Prisar på grensekryssande betalningar	20
<i>4. Betalingsformidling internasjonalt</i>	21
4.1 Betalingsmønsteret i forskjellige land	21
4.2 Effektivisering av betalingsformidlinga i Europa	23
<i>Ramme:</i> Eit sentralisert system for verdipapiroppgjjer i Europa?	26
<i>5. Overvaking av det norske interbanksystemet</i>	27
5.1 Det norske interbanksystemet	27
5.2 Noregs Banks overvakings- og tilsynsrolle	28
5.3 Vurdering i høve til kjerneprinsippa	30
5.4 Risiko utover kjerneprinsippa	35
<i>Ramme:</i> Arbeidskonflikt og tvungen lønnsnemnd i banknæringa	37
<i>Appendiks:</i> Gjennomgang av norske interbanksystem	38
Referansar	47
Tabellar	49
Definisjonar og forkortingar	58
Forklaringar til tabellane	60

Redaksjonen avslutta 24. april 2007



# 1. Betalingssystemet i Noreg

Betalingsystemet i eit land omfattar alle måtar og innretningar som kan nyttast til å overføre betalingsmiddel. Betalingsmiddel er pengar i form av kontantar eller kontopengar. Kontantar er fordringar på sentralbanken. Kontopengar er innskot på konto i ein bank og såleis ei fordring på denne banken. Betalingsinstrument, som giro og betalingskort, blir nytta for å få tilgang til betalingsmidla.

## 1.1 Kontantar

Betalingar med kontantar skjer ved at betalar leverer frå seg setlar og myntar til betalingsmottakaren. Kontantar er difor eit betalingsinstrument i tillegg til å vere eit betalingsmiddel.

Noregs Bank har ansvaret for at norske setlar og myntar har eigenskapar som gjer at dei fungerer godt som betalingsmiddel i ulike samanhengar. Valørinndeling og kvalitet må vere lagleg. Tryggingselementa må vere svært vanskelege å etterlikne, og det må vere enkelt å kjenne att ekte setlar og myntar.

Både Noregs Bank og bankane tek del i kontantforsyninga. Bankane får kontantar frå sentralbanken og kan levere attende kontantar som dei ikkje treng. Dei leverer kontantar til og tek i mot kontantar frå kundane sine. Bankane omdeler òg kontantar seg imellom. Dei har samarbeidd om å skipe private kontantdepot som fordeler og mellomlagrar kontantar på seksten stader i landet. Noregs Bank har no ei grossistrolle i kontanthandsaminga.

## 1.2 Kontopengar

**System for betalingstenester** er system baserte på standardvilkår for overføring av pengar frå eller mellom kundekonti i bankar og finansieringsføretak når overføringane byggjer på bruk av betalingskort, talkodar eller anna form for sjølvstendig brukarlegitimasjon utferda til ein ubestemt krins.

**Interbanksystem** er system baserte på felles reglar for avrekning, oppgjer eller overføring av pengar mellom kredittinstitusjonar.

Kjelde: Lov om betalingssystem (1999)

Kontopengar blir oftast overførte med elektroniske betalingsinstrument. Når eit betalingsoppdrag skal formidlast mellom kundar som har Conti i kvar sin bank, oppstår det eit fordringsforhold mellom bankane. Slike fordringsforhold blir avrekna og gjort opp gjennom interbanksystemet. Oppgjeret mellom bankane skjer ved bokføring på bankane sine Conti i ein oppgjersbank. Noregs Bank er øvste oppgjersbank for betalningar mellom bankane.

Norske bankar har samarbeidd om å skipe ein felles infrastruktur for betalningar med kontopengar. Infrastrukturen er sett saman av felles regelverk, standardar og system for avrekning og oppgjer<sup>1</sup> (FNH 2006). Avtalane regulerer blant anna korleis kredit- og debetoverføringar (giro), kort- og

<sup>1</sup> Norwegian Interbank Clearing System (NICS) er det viktigaste avrekningssystemet og er ein del av den felles infrastrukturen. Systemet blir omtalt særskilt i kapittel fem.

sjekktransaksjonar skal gjennomførast. Standardane for norske betalingstenester blir etablerte, vedlikehaldne og vidareutvikla av Bankenes Standardiseringskontor (BSK).

### 1.3 Eit effektivt betalingssystem

Noregs Bank har etter sentralbankloven eit ansvar for å fremme eit effektivt betalingssystem innanlands og overfor utlandet. Eit effektivt betalingssystem er kjenneteikna av at betalingar kan gjennomførast raskt, sikkert og til låge kostnader. Når prisane og eigenskapane ved dei ulike betalingsinstrumenta er kjende, vil brukarane velje dei løysingane som dei samla sett er best tente med. Dersom prisane som brukarane må betale, speglar skilnaden i kostnadene ved å produsere tenestene, blir brukarane tilskunda til å velje dei betalingsinstrumenta som gir låg ressursbruk.

Norske bankar har i mange år teke betalt for dei betalingstenestene dei tilbyr. Dette har gitt bankane inntekter frå betalingsformidlinga og har ført til at kundane i større grad har valt kostnadseffektive betalingsinstrument. Høg pris per transaksjon på blankettbaserte og låg pris på elektroniske betalingstenester har til dømes framskunda utviklinga mot at elektroniske betalingstenester utgjer ein stadig høgare del av transaksjonane (Humphrey, Kim og Vale 2001).

Bankane samarbeider om fellesløysingar. Samarbeidet har gjort det mogleg å utnytte stordriftsfordelar og har isolert sett verka til lågare kostnader i betalingsformidlinga. Med fellesløysingane kan alle norske bankar tilby effektive betalingstenester til kundane, og pengane kan effektivt bli overførte mellom kundar i alle norske bankar. Prisen på slike overføringar og kor hurtig dei blir gjennomførte, avheng ikkje av kva for ein bank betalingsmottakaren er kunde i. På den andre sida kan bankane sitt samarbeid òg vere eit hinder for konkurransen (sjå til dømes Nordic Competition Authorities 2006).

Eit effektivt betalingssystem er kjenneteikna av ei føremålstenleg fordeling mellom bruken av kontantar og kontopengar. Elektroniske betalingsinstrument blir stadig meir brukte i staden for blankettbaserte betalingsinstrument. Sidan bankane òg tek seg av ein monaleg del av kontantforsyninga, blir dei tilskunda til å tilby effektive betalingsløysingar samla sett.

#### **Meldeplikt for system for betalingstenester**

Lov om betalingssystem pålegg bankar og finansieringsføretak meldeplikt til Kredittilsynet for etablering og drift av system for betalingstenester.

Kredittilsynet utarbeidde hausten 2004 eit rundskriv med spørsmål som bankane må svare på ved innføring av nye betalingssystem eller endringar i noverande system.

Det tok noko tid før føretaka fekk etablert rutinar for å etterleve meldeplikta, men i løpet av 2006 har det vore ein monaleg auke i talet på mottekne meldingar. Etter Kredittilsynet si oppfatning er informasjonen frå dei mottekne meldingane eit viktig bidrag til at tilsynsstyresmaktene kan halde seg oppdaterte om aktivitetar på betalingssystemssida som er planlagde eller sette i gang.

Kredittilsynet vurderer tilpassingar av opplegget for å gjere meldeplikta meir effektiv.

Kjelde: Kredittilsynet




# Årsrapport nummer 20

Sentralbankloven frå 1985 gav Noregs Bank ansvar for å fremme eit effektivt betalingssystem innanlands og overfor utlandet. Tre år etter at loven blei gjort gjeldande blei den første rapporten om utviklinga i betalingsformidlinga (for 1987) gitt ut. Rapporten skulle informere om bankens arbeid på dette feltet og om utviklinga innanfor norsk og internasjonal betalingsformidling.

I den første rapporten blei somme prinsipielle forhold i betalingsformidlinga trekt fram. Noregs Bank var oppteken av at Noreg skulle bli eit av dei første landa i verda med eit samordna, landsomfattande system for elektronisk betalingsformidling. Forretnings- og sparebankane hadde valt ulik teknologi i betalingskorta sine. I rapporten blei det derfor peikt på at bankane måtte kome fram til løysingar for å samordne systema sine. Vidare blei problemstillingar knytte til prising av betalingstenester drøfta. Bankane hadde inntekter frå betalingsformidlinga både i form av gebyr, float og rentemargin. Noregs Bank meinte at ei slik uoversiktleg samansetjing av inntektene ikkje var tenleg. Det blei også skrivi om samordningsproblema mellom Postgiro og Bankgiro.

Bruk av blankettbaserte og elektroniske betalingsinstrument 1988-2006. Transaksjonar i prosent



Kjelde: Noregs Bank

I forarbeida til sentralbankloven blei det peikt på at kontantar og papirbasert betalingsformidling truleg vil bli mindre brukt. Statistikken som er blitt lagt fram i dei tjuve årsrapportane, har vist at utviklinga i stor grad har blitt slik. Elektronisk betalingsformidling har nesten heilt teke over for manuelle betalingsinstrument. Sjekk brukast no svært lite, og det blir utvikla stadig nye metodar for å nytte kontopengar til betalingar. Mengda av kontantar som del av pengemengda (M1) har falle.

## Norsk betalingsformidling sidan 1987 - nokre viktige hendingar

**1987:** Dei to bankforeiningane avtaler delvis å samordne ulik teknologi for betalingsautomatar i varehandelen.

**1990:** Forretnings- og sparebankane sine elektroniske kortsystem blir samordna. Banklovkommisjonen blir skipa.

**1991:** Postgiro sitt inntektsgrunnlag blir redusert som følgje av at statens økonomiforvaltning blei effektivisert. Stortingsmelding om rammevilkåra for posttenestene viser mellom anna til at Postgiro vil kunne få inntekter frå priser på betalingsformidling. Dei to bankforeiningane og Postgiro avtaler å utveksle elektroniske transaksjonar.

**1992:** Brevgiro blir introdusert. Arbeidsgruppa ELBET Noreg leverer rapporten sin. BankAxept AS startar opp verksemda si. Magnetstripe blir standard på BankAxept-kort.

**1993:** Kunder med Postsparebankkort får tilgang til bankane sine betalingsautomatar.

**1995:** Noregs Postbank og Postgiro fusjonerer. Den fusjonerte eininga får i 1996 namnet Postbanken. Postbanken blir heilt integrert i bankanes felles infrastruktur. NICS startar verksemda si. Avtalegiro blir introdusert.

**1996:** Ein felles blankett erstattar dei tidlegare postgiro- og bankgiroblankettane. Den første nettbankløysinga blir teken i bruk.

**1997:** "Cash-back" blir lansert generelt. Noregs Banks oppgjerssystem (NBO) blir oppretta.

**1999:** Bruttooppgjer i sanntid (RTGS) blir oppretta i NBO. Talet på elektroniske giro overstig talet på blankettbaserte giro.

**2000:** Lov om betalingssystem og Finansavtaleloven trer i kraft. E-fakturaløysingar blir tilbodne av BBS og AS EDB.

**2001:** Gjensidige NOR Sparebank, DnB og NICS Operatørkontor får konsesjon til drift av interbanksystem med heimel i lov om betalingssystem. NOKAS blir oppretta.

**2002:** Lov om E-pengeføretak blir vedteke.

**2003:** Bankane lanserer BankID for identifisering på Internett.




## 2. Betalingsinstrument

### Om statistikken

Noregs Bank har samla inn og publisert statistikk over viktige utviklingstrekk i betalingsformidlinga siden 1987. Frå 1. januar 2007 er statistikk-innsamlinga overført til Statistisk sentralbyrå.


Statistikken blir samla inn årleg, og det kan førekomme revideringar av tidlegare publisert statistikk. Særleg er tala for kontantuttak ved varekjøp og talet på betalingsterminalar nedjustert etter revideringa i 2006.

**Figur 2.1** Bruk av blankettbaserte og elektroniske betalingsinstrument 1997-2006. Transaksjonar i prosent




Kjelde: Noregs Bank

**Figur 2.2** Betalingsinstrument 1997-2006. Millionar transaksjonar



Kjelde: Noregs Bank

**Figur 2.3** Talet på betalingsterminalar og talet på stader med betalingsterminalar 1997-2006. Tusen



Kjelde: Noregs Bank

Overgangen frå papirbaserte til elektroniske betalingsinstrument<sup>2</sup> heldt fram i 2006. Privatpersonar og bedrifter nyttar nettbank meir enn før, og dei tek i bruk tenester som eFaktura og Avtalegiro i aukande grad. Samstundes blir dei papirbaserte tenestene nytta mindre. Det har ført til at dei elektroniske betalingsinstrumenta sin del av dei samla transaksjonane har auka (sjå figur 2.1).

Samla blei det utført nær 1,4 milliardar betalingar med kontopengar innanfor dei kunderetta delane av betalingssystemet i 2006 (sjå figur 2.2). Det er ein auke på 11 prosent frå året før. Talet på betalingstransaksjonar der kontantar blei nytta, er ikkje kjent. Samla verdi av kontantar i omløp auka med 7 prosent i 2006. Rekna i prosent av forbruket i hushalda var kontantomløpet uendra. Kontantane sin del av dei samla tilgjengelege betalingsmidla (M1) har falle (sjå òg kapittel 4).

### 2.1 Tilgang til kontantar og kontopengar

Kontantar er tilgjengelege frå minibankar, betalingsterminalar i butikkar, bankfilialar og frå Postens ekspedisjonsstader. Fram til 2003 auka talet på minibankar. Deretter har talet blitt noko redusert. Ved inngangen til 2007 hadde bankane 1 259 ekspedisjonsstader i Noreg. Posten hadde 1 511 ekspedisjonsstader. Av desse var 1 184 Post i Butikk og 24 bedriftssenter. Talet ekspedisjonsstader endra seg lite i høve til året før.

Det blei registrert 178 millionar kontantuttak i Noreg med betalingskort i minibankar og betalingsterminalar i samband med varekjøp i 2006. Meir enn halvparten av kontantuttaka blei gjort i minibank. Til saman blei det teke ut 144 milliardar kroner i kontantar. Det meste av verdien blir teken ut i minibank. Gjennomsnittsbetøpet som blei teke ut i minibank, var om lag 1 200 kroner i 2006.

Talet på betalingsterminalar (EFTPOS) og talet på brukarstader med terminalar aukar framleis (sjå figur 2.3). Dei fleste terminalane er åtte av bankane og leigde ut til butikkar. Andre terminalar er åtte av daglegvarekjeder og oljeselskap.

### 2.2 Kontantar

#### *Setlar og myntar i omløp*

Kontantomløpet gjekk litt ned frå 2000 til 2003, men har stige dei tre siste åra. I 2006 steig omløpet med over 7 prosent til

<sup>2</sup> Sjå definisjonar bak i rapporten.

49,2 milliardar kroner som gjennomsnitt for året (sjå figur 2.4). I forhold til betalingsmiddel i alt (M1) er kontantdelen redusert (sjå figur 2.5).

Gjennomsnittsverdien av setlar i sirkulasjon var 44,5 milliardar kroner i 2006. Figur 2.6 viser samansetjinga av setelomløpet. Gjennomsnittsverdien per setel i omløp var 404 kroner ved utløpet av 2006.

Verdien av myntar i omløp har auka jamt kvart år dei siste 20 åra og var i gjennomsnitt 4,7 milliardar kroner i 2006. Auken frå 2005 var noko over 4 prosent. Valørsamansetjinga av myntomløpet har det siste året vore tilnærma uendra (sjå figur 2.7). Gjennomsnittsverdien per mynt i omløp ved utgangen av 2006 var 2,90 kroner.

### Omfanget av forfalskingar

Talet på beslaglagde, forfalska setlar auka i andre halvdel av 1990-talet og nådde ein topp i 2000. I 2004 var oppgraderinga av lågvalørane i utgåve VII komplett da ein oppgradert 50-kronesetel blei gitt ut. Etter dette har talet på forfalska setlar falle til eit svært lågt nivå (sjå figur 2.8). I 2006 var det oppdaga om lag 2,3 forfalska setlar per ein million setlar. Dette er ein nedgang i høve til 2005. Talet på forfalskingar i Noreg er svært lågt samanlikna med andre land. Til dømes blei det i dei landa som nyttar euro, avdekt om lag 54 forfalska setlar per ein million eurosetlar i 2006 (ECB 2007).

## 2.3 Kontopengar


### Giro

I 2006 utgjorde girobetalingar 37 prosent av talet på betalningar med kontopengar. Elektroniske løysingar for girobetaling heldt fram å erstatte blankettbaserte tenester (sjå figur 2.9). Medan talet på elektroniske girotransaksjonar auka med 11 prosent til 458 millionar, blei talet på blankettbaserte transaksjonar redusert med 24 prosent til 52 millionar.

### Elektroniske girotenester for bedrifter


I 2005 la ei rekkje bankar om tilboda sine for bedrifter, frå terminalar med faste telefonliner til nettbank. Dette førte til at fleire bedrifter nytta nettbank, medan talet bedriftsterminalar blei redusert. Denne utviklinga heldt fram i 2006 (sjå figur 2.10). Talet på avtalar om nettbank for bedrifter blei meir enn femdobla i 2006 til nesten 330 000. Talet på nettbanktransaksjonar for bedriftskundar auka med 54 prosent til om lag 148 millionar.

**Figur 2.4** Kontantomløpet 1997-2006  
Årsgjennomsnitt. Milliardar kroner



Kjelde: Noregs Bank


**Figur 2.5** Verdi av setlar og myntar i omløp som part av M1\*, konsumet i hushalda og BNP for Fastlands-Noreg 1997-2006. Prosent



Kjelder: Statistisk sentralbyrå og Noregs Bank


\*M1 er behaldninga pengeheldande sektor har av norske setlar og myntar i tillegg til det sektoren har innestående på transaksjonskonti i Noregs Bank og bankar (i norske kroner og utanlandsk valuta).

**Figur 2.6** Samansetjinga av setelomløpet.  
1997-2006. Årsgjennomsnitt. Milliardar kroner




Kjelde: Noregs Bank

**Figur 2.7** Samansetjinga av skiljemyntomløpet.  
1997-2006. Årsgjennomsnitt. Millionar kroner




Kjelde: Noregs Bank

**Figur 2.8** Talet på beslaglagte, falske setlar. 1997-2006




Kjelde: Kripos

**Figur 2.9** Girotransaksjonar 1997-2006. Andel i prosent




Kjelde: Noregs Bank

**Figur 2.10** Bruk av elektroniske girotenester for bedrifter 1997-2006. Millionar transaksjonar



Kjelde: Noregs Bank

**Figur 2.11** Bruk av utvalte girotenester for personkundar. 1997-2006. Millionar transaksjonar



Kjelde: Noregs Bank

## Elektroniske girotenester for personar

Personkundar nyttar nettbank meir enn tidligare. Talet på nettbankavtalar for personkundar auka i 2006 med 14 prosent og ligg no nær 3,7 millionar. Nettbanktransaksjonar for personar auka med 9 prosent til 144 millionar (sjå figur 2.11).

Ifølgje ei spørjeundersøking frå Sparebankforeningen utført av TNS Gallup var det i februar 2006 om lag 2,5 millionar nettbankbrukarar. Nettbankbruken varierer etter alder. I aldersgruppa 25-32 år seier 90 prosent at dei nyttar nettbank, medan det i aldersgruppa 66 år og over var 26 prosent. Tala frå Sparebankforeningen viser også at nettbanken blir brukt stadig hyppigare. Sju av ti nettbankkundar bruker no nettbanken minst ein gong i veka.

Talet på avtalar om direkte debiteringar mellom privatpersonar og bedrifter - Autogiro og Avtalegiro - har auka gradvis sidan 2000. Frå 2000 til 2006 blei talet på slike avtalar meir enn dobla. Det var om lag 7,5 millionar slike avtalar i 2006 og det blei utført om lag 42 millionar direkte debiteringar.

Talet på girobetalingar via telefon - telegiro - har gått ned sidan 2000. Det blei utført 16,9 millionar telegirotransaksjonar i 2006, som var 22 prosent færre enn året før.

Elektronisk fakturering, som eFaktura frå Bankenes Betalingssentral (BBS), nyttas stadig meir. Statistikk frå BBS viser at 9,6 millionar rekningar blei betalte med eFaktura i 2005, mot 5,4 millionar året før. I løpet av 2006 steig talet på brukarar av eFaktura frå 460 000 til 680 000.

## Blankettbaserte girotenester for personar

Blankettbaserte girotenester har gjennom fleire år blitt nytta mindre. Frå 2005 til 2006 blei talet på avtalar om Brevgiro redusert med 17 prosent til om lag 1,2 millionar. I same periode fall talet transaksjonar med Brevgiro med 14 prosent til 33 millionar transaksjonar.

Talet på giroblankettar innleverte på ekspedisjonsstad blei i 2006 redusert med 35 prosent til 18 millionar transaksjonar (sjå figur 2.12). Verdien av transaksjonane blei redusert med 6 prosent til 132 milliardar kroner. Samla utgjorde talet giroblankettar innleverte på ekspedisjonsstad berre 4 prosent av total mengd girotransaksjonar i 2006.

## Betalingskort

Betalingskort blir nytta stadig meir. I 2006 blei det utført 965 millionar transaksjonar (inkluderte kontantuttak) med betalingskort utferda i Noreg. Dette er ein auke på 12 prosent samanlikna med året før. Det inneber at det blei utført fleire enn 200 transaksjonar med betalingskort per nordmann. Verdien av samla kortbruk auka med 6 prosent til 512 milliardar kroner. Gjennomsnittleg verdi på ein korttransaksjon var på om lag 530 kroner. Ni av ti korttransaksjonar var knytte til varekjøp.

## Debetkort

Den norske løysinga for debetkort kallast BankAxept. Det er utferda 5,5 millionar BankAxept-kort (sjå figur 2.13). Disse er ofte kombinerte med internasjonale kort med debetfunksjon, gjerne Visa. Totalt har 4,6 millionar av BankAxept-korta i Noreg ein debetfunksjon knytt til eit internasjonalt kortsystem. Ein VISA-del og ein BankAxept-del av eit kort kan sjåast som to funksjonar. Derfor vil talet på funksjonar (sjå figur 2.14) bli høgare enn talet på fysiske debetkort.

Om lag 94 prosent av kontantuttak og varekjøp med norske betalingskort i Noreg blir gjort med debetkort. Samla mengd av transaksjonar med debetkort auka i 2006 med 11 prosent til 904 millionar, medan verdien auka med 4 prosent til 448 milliardar kroner (sjå figur 2.15). Gjennomsnittleg sum per transaksjon er redusert frå 529 til 496 kroner. Meir enn 90 prosent av transaksjonane med debetkort blei utførte med BankAxept-kort. Gjennomsnittleg sum for eit varekjøp med BankAxept-kort var 365 kroner i 2006.


## Kreditt- og faktureringskort

Det er registrert om lag ein halv million kort med faktureringsfunksjonar og 3,5 millionar kort med kredittfunksjonar i Noreg. Talet på utferda kreditt- og faktureringskort er litt lågare enn talet på funksjonar fordi nokre av korta fungerer både som nasjonale kredittkort og internasjonale betalingskort. Dei fleste korta er knytte til internasjonale kortselskap. Talet nasjonale kredittkort var om lag 550 000 i 2006.

Kreditt- og faktureringskort utgjorde 6 prosent av korttransaksjonane ved kontantuttak og varekjøp i 2006. Det blei utført 61 millionar varekjøp og kontantuttak med slike kort i 2006. Nasjonale kredittkort stod for 6,5 millionar av desse transaksjonane.


Verdien av varekjøp og kontantuttak med kreditt- og faktureringskort auka med 22 prosent til 63 milliardar kroner (sjå figur 2.15). Gjennomsnittsverdien per transaksjon var høgare enn for debetkort. I 2006 var gjennomsnittsverdien om lag 1 040 kroner.

**Figur 2.12** Bruk av blankettbaserte girotenester for personkunder. 1997-2006. Millionar transaksjonar




Kjelde: Noregs Bank

**Figur 2.13** Talet på utferda betalingskort. 1997-2006. Millionar kort




Kjelde: Noregs Bank

**Figur 2.14** Utferda betalingskort etter funksjon. 1997-2006. Millionar



Kjelde: Noregs Bank

**Figur 2.15** Bruk av ulike betalingskort til varekjøp og kontantuttak. 1997-2006. Milliardar kroner



Kjelde: Noregs Bank



## *Sjekk*

Bruken av sjekk auka jamt frå lønnskontoordninga blei innført på 1960-talet og nådde det høgaste nivået sitt i 1984 med 110 millionar sjekkar per år. Deretter fall bruken kraftig. Det blei skriva ut 700 000 sjekkar i 2006. Gjennomsnittsbeløpet for sjekk ligg rundt 23 000 kroner.

## *Omfanget av svindel*

Det finst inga full oversikt over svindel med elektroniske betalingsinstrument i Noreg, men fleire aktørar følgjer utviklinga. Finansnæringens Hovedorganisasjon (FNH) samlar inn tal som omfattar om lag to tredelar av dei norske bankane målt i forvaltningskapital. Tala viser at omfanget av svindel og forsøk på svindel framleis er lågt i Noreg. Dei største tapa er knytt til bedrageri med betalingskort. Desse tapa er rekna til om lag 150 millionar kroner i 2006 for heile banknæringa. Dette utgjer rundt 0,3 promille av den samla omsetninga med betalingskort. Tapa har auka dei to siste åra, også som del av samla omsetning.

# Tryggleik i nettbank

Bruken av nettbank har auka kraftig dei siste åra. No bruker 7 av 10 personar nettbank kvar veke eller oftare ifølgje Sparebankforeningens nettbankundersøking. Privatpersonar overførte 585 milliardar kroner med nettbank i 2006. Auken i bruk av nettbank krev at bankane held fram å utvikle løysingar som sikrar effektiv tilgang på kontopengar og hindrar svindel. Så langt har det vore få problem med tryggleiken i nettbanken. Men nokre hendingar i 2006 viser at det er risiko både for svindel og for at brukarane gjer feil i nettbanken.

Nokre nettbankbetalingar blei sette i verk gjennom nettbanksystema av programvare som var blitt installert på bankkundane sine datamaskinar utan at bankkunden visste om det. Programvara kan ha blitt send til den einskilde datamaskinen gjennom e-post, eller ho kan ha blitt lasta ned frå Internet. Denne programkoden overvaker bruken av datamaskinen. Når kunden loggar seg på nettbanken, produserer programmet transaksjonar som kunden ikkje kan sjå med det same.

Mottakarane av desse transaksjonane kan vere mellommenn som har stilt kontoen sin til rådvelde og sender pengane vidare mot å få ein del av pengane sjølve. Fleire av svindelforsøka blei stoppa i nettbanksystema i dei aktuelle bankane, men nokre betalingar blei gjennomførde. Vanlegvis blir det kravd bruk av BankID eller ei anna form for to-faktor-autentisering ved pålogging i nettbanken, men svindelen har skjedd trass i autentiseringsmekanismane. Det blir arbeidd med tiltak, både for å overvake og avgrense problemet og for å lage løysingar for å stoppe slike åtak.

Hausten 2006 skreiv ein bankkunde kontonummeret til betalingsmottakaren feil slik at betalinga kom til feil mottakar. Finansdepartementet bad Kredittilsynet, som har ansvar for tilsyn med systema for betalingstenester, om å utgreie saka. Kredittilsynet fann at dei norske nettbankløysingane i all hovudsak fungerer tilfredsstillande, men såg behov for tiltak for å avgrense problem som kan oppstå ved feilaktig bruk eller feil frå nettbankkundar.

Kredittilsynet peikar på at bankane ikkje krev at kundane skal ha særskilte forkunnskapar for å bruke nettbank. Dei gir heller ikkje noko form for opplæring anna enn teksten i nettbankavtalen mellom banken og kunden og rettleiinga som er gitt i nettbankportalen. Kredittilsynet krev derfor at løysinga i stor grad er sjølvforklarande og har tilstrekkelege innebygde kontrollar slik at brukaren ikkje skal kunne gjere alvorlege feil. Finansnæringens Hovedorganisasjon og Sparebankforeningen laga ei liste med 13 kontrollfunksjonar for nettbank i samråd med Bankenes Standardiseringskontor (BSK). Kredittilsynet har funne at bankane i all hovudsak har følgd opp desse tiltaka og vil førebels ikkje tilrå at ein utarbeider ei føresegn med generelle reglar om tryggleik i nettbankane.<sup>1</sup>

<sup>1</sup> Sjå pressemelding frå Kredittilsynet datert 19. april 2007.



# 3. Prisar i betalingsformidlinga

## Om undersøkinga

Noregs Bank har i fleire år gjennomført ei utvalsgransking for listeprisar på ei rekkje betalingstenester. Undersøkinga omfattar både små og store forretnings- og sparebankar.

Dei 24 bankane i undersøkinga har til saman 86 prosent av bankane sine innskot på transaksjonskonti 30. november 2006. Gjennomsnittsprisane er vekta med bankane sine innskot på slike konti.

Listeprisane er samla inn 1. januar kvart år og er vist i tabellvedlegget.

Prisane i betalingsformidlinga endra seg lite frå 2005 til 2006. Prisane på elektroniske betalingstenester har lenge vore lågare enn prisane på blankettbaserte tenester, som har auka mykje dei seinare åra (sjå figur 3.1). Prisutviklinga har medverka til auka bruk av elektroniske betalingstenester. Skilnaden i pris er større enn listeprisane tyder på fordi stadig fleire bankar tilbyr rabatt på elektroniske betalingstenester innanfor sine kundeprogram.

## 3.1 Bankanes inntekter frå betalingsformidling

Bankane får om lag ein tredel av driftsinntektene utanom netto rente- og kredittinntekter frå betalingsformidlinga. Dette svarer til ein tidel av dei samla inntektene deira. Inntektene frå betalingsformidling har auka over tid, men fall i 2005 og i 2006 (sjå figur 3.2). Fallet dei siste to åra skuldast i hovudsak at inntektene frå elektroniske girotenester er reduserte, og at kundane i større grad nyttar tenester med låge prisar. Bankane sine kostnader til betalingsformidling blei sist undersøkte av Noregs Bank i 2001 (Gresvik og Øwre, 2002). Undersøkinga viste at kostnadene ved å produsere innanlandske betalingstenester var 5,9 milliardar kroner.


Bankane hadde 5,3 milliardar kroner i inntekt frå massebetalingstenestene i 2006. Meir enn halvparten av desse kjem frå betalingskort (sjå figur 3.3). Elektroniske og blankettbaserte girotenester er også viktige inntektskjelder. Dei inntekta bankane får frå avgifter på kundeprogram, blir ikkje alltid ført som inntekter frå betalingsformidling sidan kundeprogramma også omfattar andre tenester.

## 3.2 Kundeprogram

Prisutviklinga som er vist i figur 3.1, byggjer på listeprisar (sjå tekst i margin). Nær alle bankane i utvalet tilbyr kundane rabatt på betalingstenester gjennom ulike kundeprogram. Kundane kan delta i kundeprogram om dei oppfyller vilkår til kundeforhold, kundegruppe og/eller om dei betaler ei års-, kvartals- eller månadsavgift. Undersøkingar utførde av Finansnæringens Hovedorganisasjon (FNH) i 2006 og Sparebankforeningen i 2007, viste at nærmare 40 prosent av bankkundane er med i eit kundeprogram i hovudbanken sin.


Utviklinga i listeprisane gir derfor ikkje eit fullt bilete av prisane i betalingsformidlinga. I 2007 har Noregs Bank i samarbeid med FNH og Sparebankforeningen samla inn informasjon om

**Figur 3.1** Vekta gjennomsnitt av prisane på elektroniske og blankettbaserte betalingstenester. 1998-2007. Nominelle prisar. Kroner




Kjelde: Noregs Bank

**Figur 3.2** Bankane sine inntekter frå betalingsformidling. 1998-2006. Milliardar kroner



Kjelde: Noregs Bank

**Figur 3.3** Inntekter frå massebetalingstenester fordelte på enkelte tenestetypar. 2006. Prosent<sup>1</sup>



<sup>1</sup>Inntektene i figuren summerer seg til 5,3 milliardar kroner

Kjelde: Noregs Bank

prisar på betalingstenester i slike kundeprogram (sjå tekst i margin). Innhentinga av informasjon er avgrensa til prisar på elektroniske betalingstenester sidan rabattane stort sett gjeld desse tenestene.

Meir enn halvparten av bankane i kartlegginga tek betalt for deltaking i kundeprogramma. Prisane varierer mellom bankane og mellom dei ulike programma i same bank. Blant dei bankane som nyttar avgift, anten aleine eller i kombinasjon med andre kriterium, låg avgifta per år mellom 120 og 1 500 kroner. I gjennomsnitt var avgifta om lag 670 kroner.

Kundeprogramma er ofte utforma slik at kundane blir lønna for å nytte fleire finansielle tilbod innan same finanskonsern. Programma kan gjere det vanskelegare for kundane å samanlikne prisar frå bank til bank og dei kan bli mindre tilskunda til å byte bank. Dette gjeld særleg om kunden nyttar seg av fleire finansielle tenester i kundeprogramma. Likevel viser Sparebankforeningens nettbankundersøking at 75 prosent av kundane som er med i kundeprogram, meiner det er lett å skifte bank.

Prisane for å gjennomføre ein transaksjon blir omtalte i det følgjande. Det blir ikkje teke omsyn til eventuelle avgifter for deltaking i kundeprogramma eller årsavgift for betalingskort.<sup>3</sup> Noregs Bank har berre tal for prisane innanfor kundeprogram for 2007. Utviklinga i desse prisane over tid er derfor ikkje omtalte. Figurane viser prisane utanfor kundeprogram.

### 3.3 Prisar på kontantuttak

I alle bankar er det gratis å ta ut kontantar i eigen banks filial eller minibank i opningstida og å ta ut kontantar ved varekjøp. Dei fleste bankar krev betaling for kontantuttak i minibank utanfor opningstida. Gjennomsnittleg listepris for denne tenesta har vore relativt stabil dei siste fem åra. Den var 3,87 kroner per 1. januar 2007.

Dei fleste minibankane i Noreg tilhøyrrer bankane. Eigaren av ein minibank mottok eit interbankgebyr på 6,90 kroner når eit BankAxept-kort som er utferda av ein annen bank, blir nytta til å ta ut kontantar. Banken som har utferda kortet, blir belasta for dette gebyret. Nesten alle bankane i utvalet tek seg betalt av kunden når pengar blir tekne ut i andre bankar sine minibankar. Den gjennomsnittlege listeprisen låg framleis så vidt under interbankgebyret i 2006 (sjå figur 3.4). Bankkundar i Noreg kan òg ta ut kontantar over

<sup>3</sup> Det er vanleg at bankane krev årsavgift på betalingskort som kombinerer BankAxept med eit internasjonalt kort. I gjennomsnitt var avgifta 262,70 kroner per 1. januar 2007.

#### Kartlegging av prisane i kundeprogram


I 2006 har Noregs Bank, i samarbeid med FNH og Sparebankforeningen, samla inn prisar på betalingstenester i kundeprogram.

Kartlegginga omfattar Avtalegiro og Autogiro, nettbankbetalingar og telegiro, betalingskort og minibankuttak.

Delen av transaksjonane som er knytt til forskjellige kundeprogram, er nytta for å utrekne gjennomsnittsprisar. Fordi ikkje alle bankar har kunna rapportere denne informasjonen, er utvalet noko mindre enn for listeprisane. Målt i forvaltingskapital er skilnadene ikkje store.


Nokre av bankane har nytta overslag for talet på transaksjonar i kundeprogramma. Dette gjer at dei utrekna prisane ikkje er heilt sikre.

**Figur 3.4** Listeprisar på minibankuttak. 1998-2007. Vekta gjennomsnitt for bankane i utvalet. Kroner



Kjelde: Noregs Bank

**Figur 3.5** Listeprisar på elektroniske betalingstenester retta mot personkundar. 1998-2007. Vekta gjennomsnitt for bankane i utvalet. Kroner



Kjelde: Noregs Bank

skranken i andre bankar enn der dei har konto. Tenesta blir belasta med høge gebyr og blir lite nytta.

Dei bankane som tilbyr rabatt på minibankuttak, gir i gjennomsnitt ein rabatt på over 85 prosent for uttak utanom opningstida. Relativt få bankar har inkludert minibankuttak i minibankane til andre bankar i kundeprogram.

### 3.4 Prisar på betalingsinstrument


#### *Prisar på tenester retta mot personmarknaden*

##### **Prisar på elektroniske tenester**

Gjennomsnittleg listepriis på elektroniske betalingstenester for personkundar har lege mellom 2,00 og 2,50 kroner dei siste 10 åra. Ingen av listepriisane på dei tenestene som er med i undersøkinga, har endra seg meir enn 2 prosent i løpet av 2006 (sjå figur 3.5). Den rimelegaste av desse tenestene er framleis rekningsbetaling via nettbank.

Telegiro, Avtalegiro og rekningsbetaling med nettbank er billigare innanfor bankane sine kundeprogram. Noregs Banks overslag viser at dersom prisane og transaksjonsvolumet innanfor kundeprogram blir tekne med, blir dei vekta prisane for desse tenestene redusert med meir enn 50 prosent.


**Figur 3.6** Listeprisar på blankettbaserte betalingstenester retta mot personkundar. 1998-2007. Vekta gjennomsnitt for bankane i utvalet. Kroner



Kjelde: Noregs Bank

Gjennomsnittleg listepriis på transaksjonar med betalingskort i butikkterminal (EFTPOS) var 2,41 kroner ved inngangen til 2007. Bankane gir stor rabatt på slike tenester i kundeprogramma. Noregs Banks overslag viser at prisane innanfor kundeprogram i gjennomsnitt er nesten 90 prosent lågare enn listepriisane. Dersom det blir teke omsyn til prisane og transaksjonsvolum innanfor kundeprogramma, ligg den samla gjennomsnittsprisen 50 prosent under listepriisane.

**Figur 3.7** Listeprisar på nettbank retta mot næringslivet. 2006-2007. Vekta gjennomsnitt for bankane i utvalet. Kroner




Kjelde: Noregs Bank

##### **Prisar på blankettbaserte tenester**

Prisane på dei blankettbaserte tenestene for personkundar har auka sterkt dei siste 10 åra (sjå figur 3.6), men prisauken har flata ut dei siste to åra. Den dyraste papirbaserte tenesta i personmarknaden er giro betalt kontant over skranke. Den billigaste er Brevgiro. Svært få av bankane i undersøkinga priser blankettbaserte tenester i kundeprogramma annleis enn listepriisane.

**Figur 3.8** Listeprisar på Direkte Remmitering retta mot næringslivet. 1998-2007. Vekta gjennomsnitt for bankane i utvalet. Kroner



Kjelde: Noregs Bank

#### *Prisar<sup>4</sup> på tenester retta mot bedriftsmarknaden*

Dei elektroniske betalingstenestene som bankane leverer på bedriftsmarknaden har auka moderat i pris dei siste åra. Som for personkundemarknaden er dei mest automatiserte tenestene generelt prisa lågast.

<sup>4</sup> Eventuelle prisar med rabatt for bedriftskundar er ikkje inkludert i talmaterialet.

Dei siste åra har dei fleste bankane gjeve tilbod om nettbank for bedrifter. Samstundes har mange bankar slutta å tilby betalingsløysingar som Bedriftsterminalgiro og Direkte Remittering. Omlegginga inneber at betalingstenester retta mot næringslivet kan utførast billigare (sjå figur 3.7 og 3.8).

Utviklinga i listepriane på blankettbaserte tenester retta mot næringslivet er vist i figur 3.9. Fleire bankar i utvalet har slutta å publisere prisane på nokre av desse tenestene.


### 3.5 Prisar på grensekryssande betalingar

Elektroniske betalingar i euro med BIC og IBAN til EU/EØS-land blir omfatta av euroforordninga (sjå tekst i margin). Prisen på denne tenesta blei kraftig redusert da forordninga blei innført, men i 2006 har fleire bankar i utvalet auka prisen. Gjennomsnittsprisen har auka med 5 prosent det siste året. Prisen på tilsvarende betalingar i norske kroner følgjer same utvikling. Ei overføring av norske kroner over landegrensene var om lag 28 prosent dyrare enn ei overføring i euro 1. januar 2007. For alle tenestene var nivået framleis høgt samanlikna med ei innanlandsk overføring. Dess fleire manuelle operasjonar ei overføring krev, dess høgare er prisen. Hasteoverføringar er dyrare enn ordinære overføringar. Prisane på desse tenestene har endra seg lite i perioden.

Prisane på dei betalingane som er nemnde ovanfor blir betalte av avsendar. I fleire av bankane i utvalet kosta det også noko å ta i mot eit beløp i utanlandsk valuta. Prisane for å ta imot ei overføring i euro frå utlandet har blitt gradvis lågare etter at euroforordninga blei innført i Noreg. Prisane blei reduserte også i 2006.

Dei internasjonale kortsystema gjennomfører betalingar utan stort innslag av manuelle operasjonar. Prisane på bruk av slike kort utferda i Noreg og brukte i utlandet varierer. Noregs Bank har ikkje systematisk samla inn informasjon om dette.

**Figur 3.9** Listepriar på blankettbaserte betalingstenester retta mot næringslivet. 1998-2007. Vekta gjennomsnitt for bankane i utvalet. Kroner



**BIC** er ei forkorting for "Bank Identifier Code" og identifiserar bankane ved SWIFT-adressa deira.

**IBAN** er ei forkorting for International Bank Account Number.


#### Euroforordninga

Ifølgje euroforordninga (Forordning 2560/2001), som blei gjort gjeldande i norsk lov frå 1. januar 2005, skal prisane på grensekryssande elektroniske betalingar i euro ikkje vere høgare enn for tilsvarende innanlandske betalingar i euro.

## 4. Betalingsformidling internasjonalt

Bruken av betalingsmiddel og betalingsinstrument varierer mellom land. Dette skuldast blant anna skilnader i dei institusjonelle strukturane, lovar og føresegner og den økonomiske og teknologiske utviklinga (ECB Blue Book 2006, Humphrey m.fl. 1996). I den første delen av dette kapitlet blir betalingsmønsteret i Noreg samanlikna med betalingsmønsteret i eit utval andre land. I den andre delen blir utviklinga mot eit felles europeisk betalingsområde gjennomgått.

**Figur 4.1** Delen av betalingsmiddel (M1) i kontantar i utvalde land. Prosent




Kjelde: Noregs Bank, ECB Blue Book og BIS Red Book

### 4.1 Betalingsmønsteret i forskjellige land

I dei skandinaviske landa utgjer kontantane ein låg og jamt lågare del av dei tilgjengelege betalingsmidla (M1) (sjå figur 4.1). Den same utviklinga er tydeleg i andre land, jamvel om kontantane utgjer ein høgare del av betalingsmidla. USA er eit unnatak ved at kontantparten stig. Sidan 1995 er den nominelle verdien av amerikanske dollarsetlar og -myntar meir enn fordobla (The Federal Reserve Board 2006). Federal Reserve Board reknar med at mellom 50 og 70 prosent av kontantane er utanfor USA. Mengda av setlar og myntar har auka også i euroområdet. EU-kommisjonen reknar med at mellom 10 og 20 prosent av mengda av euroen er utanfor euroområdet (EU-kommisjonen 2007).


**Figur 4.2** Kontantar og betalingsmiddel (M1) i Noreg. 1997-2006. Milliardar kroner



Kjelde: Noregs Bank

Kontantane sin del av dei samla betalingsmidla har felle fordi den totale mengda av betalingsmiddel (M1) har auka langt raskare enn omløpet av kontantar. Ikkje nokon av landa som er vist i figur 4.1, hadde lågare nominell verdi på kontantmengda i 2005 enn tidlegare<sup>5</sup>. Utviklinga i dei nominelle verdiane av kontantar og innskot på transaksjonskonti i Noreg er vist i figur 4.2. Medan verdien av kontantar i omløp har stige svakt, har tilgjengelege kontopengar auka mykje.

**Figur 4.3** Delen av betalingsmiddel (M1) i kontantar og talet på betalingsterminalar. 2005. Prosent og per tusen innbyggjarar



<sup>1</sup> USA og Euroområdet er justert for den estimerte delen av valutaene som er utanfor landet sine grenser.

Kjelde: Noregs Bank, ECB Blue Book og BIS Red Book

Det verkar å vere ein samanheng mellom kor godt infrastrukturen for bruk av kontopengar er lagt til rette og kor mykje kontantar som blir brukt som betalingsmiddel. Figur 4.3 gir eit bilete av forholdet mellom talet betalingsterminalar og kontantdelen i eit utval av land. Den viser blant anna at tilgangen på betalingsterminalar er god og kontantmengda relativt låg i dei skandinaviske landa.

Bruken av ulike betalingsinstrument varierer mellom land (sjå figur 4.4). Transaksjonar som blir sette i verk av betalar, såkalla kredittransaksjonar (giro i Noreg), er den vanlegaste forma for rekningsbetalingar i dei fleste av landa i utvalet, inkludert Noreg. I nokre land, til dømes Tyskland, Frankrike, Nederland

<sup>5</sup> 2005 var det første året da mengda av kontopengar i euro veks meir enn kontantar.




og Storbritannia, er direkte debiteringar (Avtalegiro i Noreg) svært utbreidd. Ved direkte debitering blir transaksjonen sett i verk av betalingsmottakaren. Statistikken som blei presentert i kapittel 2, viser at bruken av denne forma for betalingar aukar i Noreg. Sjekk blir lite brukt i dei fleste landa i utvalet. Unntaka er Frankrike, Storbritannia, Canada og USA. E-pengar (sjå definisjonar bak i rapporten) blir òg lite brukt i dei fleste av landa. Singapore skil seg ut ved svært høg bruk av dette betalingsinstrumentet.

Betalingskort blir mykje brukt i dei fleste landa i utvalet. Figur 4.5 viser talet korttransaksjonar per innbyggjar i eit utval land fordelt på bruk av debetkort og kreditt- og faktureringskort. Figuren illustrerer at kort brukast ulikt frå land til land, både for talet transaksjonar og for kva slags kort som blir nytta. Noreg er blant landa der kort blir brukt mest og transaksjonar med debetkort utgjør ein høgare del av korttransaksjonane enn i dei fleste andre landa. Talet på korttransaksjonar per innbyggjar har i fleire år vore høgare på Island.

Talet på betalingstransaksjonar på tvers av landegrensene er framleis lågt samanlikna med betalingsvoluma innanlands. Til dømes blei det i 2006 utført 51 millionar korttransaksjonar i utlandet med norske kort, og 15 millionar transaksjonar i Noreg med utanlandske kort (sjå figur 4.6). Til samanlikning blei det utført 914 millionar transaksjonar innanlands med kort utferda i Noreg. Medan bruk av norske kort i Noreg veks med 11 prosent frå 2005 til 2006, veks bruken av norske kort i utlandet med 30 prosent.


Betalingskort utferda av internasjonale kortselskap er godt eigna for betalingar i utlandet, men det er også mogeleg å gjennomføre betalingar mellom land med andre typar betalingsinstrument. Men betalingssystema må bli betre samordna for at internasjonal betalingsformidling skal bli meir effektiv. Dette er ei viktig drivkraft bak arbeidet for eit felles betalingsområde i EU.

**Figur 4.4** Bruk av betalingsinstrument i utvalte land i 2005. Del i prosent




Kjelde: Noregs Bank, ECB Blue Book og BIS Red Book

**Figur 4.5** Talet på korttransaksjonar per innbyggjar, 2005



Kjelde: Noregs Bank, ECB Blue Book, BIS Red Book og Sedlabanki Islands

**Figur 4.6** Bruk av betalingskort over landegrensene, 1997-2006. Kontantuttak og varekjøp. Tusen transaksjonar.



Kjelde: Noregs Bank


## Nokre viktige tal for betalingsformidling i Europa (2005)

	EU	Euro-området	Sverige	Danmark	Finland	UK	Tyskland	Frankrike	Noreg
<b>Kontantar og bankinnskot</b>									
Setlar og mynt i omløp, % av BNP	-	6,1	3,7	3,0	-	3,8	-	-	<b>2,4</b>
Setlar og mynt i omløp, % av M1	-	14,0	9,4	7,4	-	-	-	-	<b>8,3</b>
<b>Filialer</b>									
Talet på filialer som tilbyr betalingstenestar, per millionar innbyggjarar	599	646	283	393	308	472	560	649	<b>598</b>
<b>Minibank</b>									
Talet på minibankar per mill. innbyggjarar	735	810	310	554	645	968	647	763	<b>474</b>
Talet på minibankuttak per år per innbyggjar	24	22	35	-	40	45	30	23	<b>21</b>
Gjennomsnittleg minibankuttak (EUR)	111	122	94	-	81	93	156	69	<b>142</b>
<b>Betalingskort</b>									
Talet på terminalar per mill. innbyggjarar	14 440	16 042	19 561	18 754	19 637	16 183	6 906	17 463	<b>20 479</b>
Talet på betalingskort per 1000 innbyggjarar									
- Debetkort	836	858	756	716	904	1 113	1 111	621	<b>1 062</b>
- Kredit- og faktureringskort	525	491	510	177	581	1 239	256	670	<b>646</b>
Talet på transaksjonar per år per innbyggjar									
- Debetkort	33	28	97	115	114	70	24	-	<b>176</b>
- Kredit- og faktureringskort	12	9	20	8	8	35	5	-	<b>11</b>
Gjennomsnittsbeløp per betaling (EUR)	57	53	43	51	36	72	66	49	<b>51</b>
<b>Mengda betalingsinstrumentet har av talet på ikkje-kontante transaksjonar</b>									
Kreditoverføring (ulike girotenester)	-	-	30	23	46	21	42	17	<b>35</b>
Direkte debiteringar (Avtalegiro og liknande)	-	-	9	15	5	20	42	18	<b>3</b>
Sjekk	-	-	0	2	0	14	1	28	<b>0</b>
Betalingskort	-	-	61	60	49	45	15	37	<b>62</b>
Kortbaserte e-pengar	-	-	0	0	0	0	0	0	<b>0</b>

Kjelde: Noregs Bank og ECB Blue Book

### Tidsplan for SEPA

I den første fasen i prosjektet blei rammeverk for avrekning og oppgjør og standard for forskjellige betalingsinstrument i euro definerte. Den siste fasen skal etter planen starte 1. januar 2008 og vere fullført innan 31. desember 2010. I denne perioden skal dei nye betalingsinstrumenta eksistere saman med, og gradvis overta for, dei nasjonale instrumenta. Innan slutten av 2010 skal dei fleste betalingstransaksjonar i euro utførast med dei nye betalingsinstrumenta.



## 4.2 Effektivisering av betalingsformidlinga i Europa

Betalingsystema i Europa er utforma i hovudsak for innanlandske betalningar. Kvar land har hatt eigen infrastruktur, eigne produkt og eigne lovar som har regulert betalingssystema. Innføringa av setlar og myntar i euro i 2002 gav eurolanda eit felles betalingsområde for kontante betalingsmiddel. Men framleis er kontobetalningar mellom dei ulike landa innanfor euroområdet nokså dyre og tidkrevjande. Banknæringa, sentralbankane og andre offentlege styresmakter i EU arbeider for at det kan skipast eit felles europeisk betalingsområde òg for kontopengar (ECB 2006a, ECB 2006b). Prosjektet blir kalla Single Euro Payments Area, forkorta til SEPA. Det tek sikte på å gjere betalingane i euroområdet meir effektive, men arbeidet kan òg få verknader for EØS-landa. Innanfor det felles europeiske betalingsområdet skal betalningar i euro til dei andre landa kunne utførast frå ein bankkonto, med eitt sett av instrument og med same vilkår som for innanlandske betalningar.

Om ein skal få til eit felles europeisk betalingsområde, er det naudsynt å harmonisere lovar og føresegner, å ha felles standardar for betalingsinstrument og å ha ein einsarta infrastruktur. Det krev mellom anna at bankane i Europa samarbeider med kvarandre og med styresmaktene i dei einskilte landa. Samarbeidet gjekk langsamt i startfasen. Både den europeiske sentralbanken (ECB) og EU-kommisjonen publiserte ei rekkje rapportar om utviklinga og peikte på at styresmaktene ville kunne innføre ytterlegare reguleringar dersom banknæringa sjølv ikkje klarte å levere tilfredsstillande resultat. For å betre samarbeidet skipa banknæringa i 2002 eit rådgivande utval, European Payments Council (EPC), der også representantar frå Noreg, Island, Liechtenstein og Sveits er med.

### *Eit harmonisert lovverk*

EU-parlamentet har vedteke eit nytt direktiv for betalingstenester, det såkalla "Directive on Payment Services". Direktivet vil leggje til rette for et felles europeisk betalingsområde ved å harmonisere lovverka i EU-landa. Det vil blant anna fjerne lovmessige hindringar for dei nye betalingstenestene. EU-landa må innarbeide direktivet i sine nasjonale lovar innan 1. november 2009. Direktivet vil truleg òg gjelde for Noreg.

### *Felles standardar for betalingsinstrument*

European Payments Council utformar minimumskrav til korleis betalingar skal utførast innanfor det felles betalingsområdet. Det er publisert detaljerte regelverk for kreditoverføringar og direkte debiteringar. I tillegg er det utarbeidd noko mindre detaljerte rammeverk for kontanthandtering, betalingskort, avrekning og oppgjør.

### **Kreditoverføringar og direkte debiteringar**

Standardarane for kreditoverføringar og direkte debiteringar spesifiserer korleis desse produkta skal fungere ut mot kundane og mellom bankane. Standardane stiller blant anna krav til kor snøgt betalingane skal utførast. Reglane for direkte debiteringar kan vere i konflikt med lovgivinga i somme land. Derfor kjem bankane truleg ikkje til å tilby standardiserte produkt før EU-kommisjonen sitt direktiv er implementert i nasjonal lovgiving.

### **Kortbetalingar**

Rammeverket for kort gir eit sett grunnreglar for at korthaldarar skal kunne betale med eitt kort i heile euroområdet og med same vilkår som om betalinga blei gjennomført i landet der kortet blei utferda. Brukarstader skal kunne ta i mot betalingar på same måte i alle eurolanda, og innsamlarar og innløyssarar vil kunne konkurrere om å tilby løysingar for heile euroområdet.

### **BIC og IBAN**

EPC har vedteke at BIC og IBAN skal nyttast for å identifisere mottakarbank og kontonummer ved overføringar i SEPA.

**BIC** er ei forkorting for "Bank Identifier Code" og identifiserar bankane ved SWIFT-adressa deira. Eit BIC-nummer er bygt opp av tre element: bankkode, landkode og kode for lokalisering innan landet.

**IBAN** er ei forkorting for International Bank Account Number. Eit IBAN-nummer inneheld tre element: bankkontonummer, landkode og bankkode. Standarden er utvikla av ECBS, European Committee for Banking Standards.

### **Direkte debiteringar**

For å gjennomføre ei direkte debitering er mottakar avhengig av eit mandat frå betalaren. EPC har førebels utarbeidd ei ordning der betalar gir mandatet direkte til mottakar, men det vil og bli etablert ei ordning der mandatet vil bli gitt til betalaren sin bank (slik som i norsk Avtalegiro).

Direkte debiteringar i euro skal kunne nyttast både for regelmessige betalingar og for eingongsbetalingar.



ECB har uttrykt otte for at dei to internasjonale kortselskapa VISA og MasterCard kjem til å dominere den europeiske marknaden (ECB 2006c). Det blir peikt på at prisane i desse systema generelt er høgare enn i dei ulike nasjonale systema. ECB (2006c) framhever at konkurranse mellom dei ikkje vil vere tilstrekkeleg til å sikre gode løysingar både for brukarstader og kortbrukarar. På bakgrunn av dette konkluderer ECB med at det på lengre sikt vil trengst ein europeisk aktør.

### **Kontantar**

ECB skal gjennomføre tiltak for å medverke til ei effektiv organisering og auka konkurranse innanfor kontanthandteringa. På noko lengre sikt skal dei nasjonale sentralbankane samordne verksemda slik at bankane får like vilkår utan omsyn til kva for ein sentralbank dei nyttar for kontanttenester. European Payments Council ønskjar at kontantbruken i euroområdet blir redusert, og peikar på at det vil føre til store innsparingar for samfunnet dersom betalingskort i større grad tek over for kontantar (EPC 2007).

### *Ein effektiv infrastruktur*

Betalingsformidling mellom land er ofte ressurskrevjande fordi betalingsystema i dei ulike landa ikkje er samordna. Derfor har ein i stor grad nytta korrespondentbankar ved internasjonal betalingsformidling. Dette inneber at ein bank har konto hos bankar i andre land, og at den nyttar desse kontoane for å gjere opp transaksjonar med kundar i desse landa. Ein bank må ha mange slike banksamband for å kunne gjennomføre betalningar til fleire land.

Internasjonale avreknings- og oppgjerssystem kan vere eit godt alternativ til å nytte korrespondentbankar. European Payments Council har rådd til at det blir skipa såkalla alleuropeiske avrekningsentralar (Pan European Automated Clearing House, PE-ACH). Førebels er det berre ein avrekningsentral (STEP2) som tilfredsstillar dei krava European Payments Council har sett til ein alleuropeisk avrekningsentral. Fleire norske bankar er allereie direkte med i STEP2, og alle dei norske bankane kan nåast gjennom dette systemet.

### *Påverknad på norsk infrastruktur*

Produkta som er definerte av European Payments Council, gjeld betalningar i euro. Dersom både avsenderbank og mottakarbank høyrer heime i eit land innafor EØS/EFTA og bankane i desse landa har forplikta seg til å følgje European Payments Council sine standardar, vil betalningar i euro måtte følgje desse. Norsk banknæring har førebels ikkje forplikta seg til å følgje standardane, men deltek i arbeidet i organisasjonen. Det ligg ikkje føre formelle krav om endring

### **Korrespondentbankar**

Det er vanleg å nytte korrespondentbankar for grensekryssande betalningar. Bakgrunnen er gjerne at betalaren sin bank ikkje har tilgang til sentralbankkonto eller andre delar av betalingsystemet i landet der mottakaren held til. Ved å nytte lokale bankar i mottakar sitt land kan likevelbetalingane gjennomførast. Bankentilkunden som skal sende pengar, gir korrespondentbanken sin melding om å godskrive mottakar sin konto. Dersom mottakar har konto i denne banken, blir transaksjonen gjort opp her. Avsendar og mottakar vil likevel ofte ha konto i banker som ikkje har konto hos kvarandre. Har avsendar eller mottakar konto i ein annan bank, må transaksjonen gjennom det respektive innanlandske betalingsystemet før den kan godskrivas kunden sin konto.

av norsk infrastruktur, sett bort frå dei endringane som kan følgje av det nye direktivet frå EU-kommisjonen.

Utviklinga i europeisk betalingsformidling er viktig for norske bankar av fleire grunnar. For å konkurrere om norske privat- og bedriftskundar som treng betalingstenester i euro vil norsk banknæring måtte leggje til rette for standardiserte betalningar i euro. Norske bankar tilbyr betalingskort som kombinerer BankAxept og tilknytning til eit internasjonalt kortselskap. Desse korta vil truleg oppfylle European Payments Council sine standardar. Dersom bankane vel å tilby standardiserte kreditoverføringar og direkte debiteringar i euro, vil dette krevje noko tilpassing på sikt. Norsk banknæring har etablert ei referansegruppe for SEPA slik at arbeidet med nye løysingar i Noreg vil kunne inngå som ein del av arbeidet med den felles infrastrukturen.

Norske bankar vil også kunne påverkas av at etableringa av eit felles betalingsområde endrer vilkåra for bankane sine leverandørar. Standardiseringa vil gjere den europeiske marknaden for betalingsløysingar meir einsarta. Dette vil føre til auka konkurranse og strukturendringar, truleg mot færre og større leverandørar. Norske BBS og danske PBS peiker på utviklinga i den europeiske kortmarknaden som noko av bakgrunnen for at dei etablerer ei felles verksemd for prosessering og innløysing<sup>6</sup>. For norske bankar kan det bli meir attraktivt å kjøpe standardiserte produkt enn å utvikle eigne eller kjøpe nasjonale løysingar.

## Eit sentralisert system for verdipapiroppgjer i Europa?


Den Europeiske Sentralbanken (ECB) og Eurosystemet vurderer å etablere eit sentralisert verdipapiroppgjer for euro, TARGET2-Securities (T2S). Systemet skal etter planen vere ått og drifta av Eurosystemet. ECB peiker på at grensekryssande verdipapiroppgjer innanfor eurosona er dyre og hevdar at etableringa av T2S vil føre til monalege innsparingar for deltakarane. Forslaget inneber at fire sentralbankar i Eurosystemet (Tyskland, Italia, Frankrike og Spania) vil utføre oppgjera på vegner av dei europeiske verdipapirsentralane. Etter planen vil T2S bli sett i drift i 2013. I første omgang vil systemet gjere opp verdipapirhandlar i euro, men andre valutaer vil kunne bli omfatta på sikt.

ECB har invitert alle interessantar til å delta i opne møte og høyringar. Reaksjonane frå marknadsdeltakarane har vore blanda. I ei pressemelding den 27. februar 2007 gir ECOFIN Council, som finansministrane i EU deltek i, stønad til prosjektet under visse føresetnader. Styret i ECB konkluderte 8. mars 2007 med at prosjektet kan gjennomførast. ECB vil i samarbeid med marknadsaktørane utarbeide ein modell for korleis systemet skal fungere. På bakgrunn av dette arbeidet vil styret i ECB avgjere om systemet skal utviklast. Denne avgjerda vil bli fatta i 2008.

<sup>6</sup> Sjå til dømes pressemelding frå PBS (PBS 2007).

## 5. Overvaking av det norske interbanksystemet

Figur 5.1 Interbanksystema i Noreg




<sup>1</sup> Private oppgjørsbankar er bankar som gjer opp på vegne av indirekte deltakarar.

Kjelde: Noregs Bank

**Avrekning:** Fleire transaksjonar blir rekna mot kvarandre, og for kvar bank blir det rekna ut ein nettoposisjon.


**Bruttooppgjer:** Transaksjonar blir gjort opp kvar for seg, utan avrekning. Når dette skjer i realtid, blir systemet kalla eit RTGS-system (Real Time Gross Settlement System).

Figur 5.2 Gjennomsnittleg dagleg omsetning i NICS 2000-2006. Milliardar kroner



Kjelde: Noregs Bank

Figur 5.3 Norske bankar fordelte på oppgjørsbank. Del av forvaltningskapital og talet på bankar. 2006



Kilde: Noregs Bank

Overvaking av det norske interbanksystemet er eit viktig ledd i Noregs Banks arbeid for finansiell stabilitet. I dette kapittelet blir det gjort greie for korleis Noregs Bank vurderer tre av dei norske interbanksystema - Noregs Banks oppgjørssystem (NBO), Norwegian Interbank Clearing System (NICS) og DnB NORs<sup>7</sup> interbanksystem - mot internasjonalt hevdvunne prinsipp for slike system (CPSS 2001). Ein fullstendig gjennomgang av vurderingane er teke med i appendikset til rapporten. Hovudkonklusjonen er at dei evaluerte systema har høg kvalitet. Dei er praktiske for brukarane og har etablert mekanismar som avgrensar risikoen.

### 5.1 Det norske interbanksystemet

Betaling med kontopengar inneber at bankkontoen til betalaren blir belasta og kontoen til mottakaren godskrive. Dersom betalaren og mottakaren er kundar i kvar sin bank, vil mottakaren sin bank få ei fordring på betalaren sin bank. Bankar som gjer opp transaksjonar mellom andre bankar, blir kalla oppgjørsbankar. Noregs Bank er den øvste oppgjørsbanken i Noreg (sjå figur 5.1). Noregs Bank gjer opp betalingsoppdrag frå NICS, Verdipapirsentralen (VPS), VPS Clearing og direkte frå einskilde bankar.

NICS er både avrekningssentral og transaksjonskanal. Etter at transaksjonane er tekne imot i NICS, inngår dei i avrekningar som blir sende til NBO, eller dei blir sende enkeltvis (brutto) til oppgjør i NBO (sjå tekst i marginen). Hovudtyngda av transaksjonane som blir avrekna i NICS, kjem frå banksystema for kundebetalingar og inngår i NICS-masseavrekning. Masseavrekninga blir sendt til NBO for oppgjør to gonger dagleg. Transaksjonar sende på SWIFT-format (sjå definisjonar bak i rapporten), og som er under ei beløpsgrense på 25 millionar kroner, inngår i NICS-SWIFT-avrekninga. NICS sender dagleg tre slike avrekningar til NBO. Transaksjonar over beløpsgrensa blir sende enkeltvis vidare til oppgjør i NBO med ein gong dei blir mottekne i NICS. Bruttotransaksjonane utgjer hovudvekta av omsetninga både i NICS (sjå figur 5.2) og i NBO (sjå figur 5.4). NICS har konsesjon og er underlagt tilsyn frå Noregs Bank i samsvar med lov om betalingssystem.

Bankane kan delta i masseoppgjeret direkte eller la ein annan privat bank gjere opp for seg i Noregs Bank. Ved utgangen av 2006 hadde 23 av dei største bankane direkte oppgjør i Noregs Bank, medan 125 små og mellomstore bankar gjorde opp transaksjonane sine i ein privat bank (sjå figur 5.3). Oppgjør i ein privatbank inneber at denne banken overtek posisjonane

<sup>7</sup> DnB NOR Bank ASA blir referert til som DnB NOR.

deltakarbankane har i masseavrekninga i NICS. Den private oppgjerbanken belastar eller godskriv deltakarbankane etter oppgjeret i Noregs Bank. Dei private oppgjerbankane tilbyr også oppgjer utanom masseavrekninga i NICS, men dette er av mindre omfang.

DnB NOR er den største private oppgjerbanken. Ved årsskiftet deltok 104 av dei 147 bankane i Noreg i oppgjeret i DnB NOR. DnB NORs interbanksystem er underlagt konsesjon og tilsyn frå Noregs Bank i samsvar med lov om betalingssystem. Den nest største private oppgjerbanken er Sparebank 1 Midt-Norge med 17 deltakarar. Sparebanken Midt-Noreg har søkt om og fått fritak frå konsesjon og tilsyn for interbanksystemet sitt.

Verdipapirsentralen (VPS) avrekner handelen til meklarane og investorane med aksjar, sertifikat og obligasjonar. VPS reknar ut nettoposisjonane til deltakarane i verdipapiroppgjeret knytte til både verdipapira og betalingane for desse. Oppgjeret av verdipapira blir gjennomført i VPS, medan NBO gjer opp pengeposisjonane. VPS sender to daglege avrekningar til oppgjer i NBO. Berre bankar kan delta direkte i oppgjeret i Noregs Bank. Meklarane deltek i oppgjeret gjennom at posisjonane deira inngår i posisjonen til ein bank dei er kunde i. Ved utgangen av 2006 deltok 16 bankar direkte i verdipapiroppgjeret i Noregs Bank.

VPS Clearing sender to avrekningar dagleg til oppgjer i NBO. Den eine er posisjonane til bankane for handelen med finansielle derivat som er omsette på Oslo Børs. Den andre er ei avrekning av pengeposisjonane til meklarane som låner verdipapir av VPS Clearing for å skaffe seg dekning i verdipapiroppgjeret.


Noregs Bank kan også ta imot einstilte transaksjonar direkte frå bankane.

## 5.2 Noregs Banks overvåkings- og tilsynsrolle

Noregs Banks ansvar for å overvake betalingssystemet går fram av sentralbanklovens paragraf 1, der det heiter at Noregs Bank skal “fremme eit effektivt betalingssystem innanlands og overfor utlandet”. Eit viktig ledd i Noregs Banks rolle som overvakar er å sjå til at internasjonale tilrådingar for interbanksystem blir følgde. Dei mest sentrale tilrådingane på dette området er dei ti kjerneprinsippa (Core Principles), som Committee on Payment and Settlement Systems (CPSS)<sup>8</sup> publiserte i 2001. Kjerneprinsippa gir

<sup>8</sup> CPSS er eit forum for sentralbankane i G10-landa. CPSS skal medverke til å fremme robuste og effektive betalingssystem. Bank for International Settlement (BIS) har sekretariatet til CPSS.

**Figur 5.4** Dagleg omsetning i NBO fordelt på oppgjer. 2000-2006. Milliardar kroner



Kjelde: Noregs Bank

### Endringar i verdipapir- og derivatoppgjera

I 2006 og 2007 blei verdipapir- og derivatoppgjera endra slik at risikoen i systema er blitt redusert.

- Informasjon om deltakarane sine posisjonar i verdipapiroppgjeret blir no sendt ut etter at oppgjeret er gjennomført. Dermed kan meklarane ikkje ta på seg risiko ved å godskrive kundane sine før oppgjeret er gjennomført.
- VPS Clearing har teke over for NOS Clearing som sentral motpart for finansielle derivat, mens NOS Clearing held fram som sentral motpart for fraktderivat. Dette fjernar risikoen for smitte mellom marknaden for finansielle og derivat og fraktderivat.

### Samordna overvaking - CLS

CLS (Continuous Linked Settlement) er eit system for oppgjer av valutahandlar. Femten valutaslag inngår i oppgjeret i CLS. I oppgjøret der norske kroner inngår, pliktar deltakarane å betale inn nettoskyldnadene i kroner til CLS Banks konto i Noregs Bank. Den daglege verdien av desse skyldnadene var i gjennomsnitt 10,9 milliardar kroner i 2006. Den amerikanske sentralbanken ved Federal Reserve Bank New York har hovudansvaret for overvaking av CLS. Noregs Bank og dei andre sentralbankane med valuta som blir gjort opp i CLS, er med i den samordna overvakinga i regi av CPSS.



### Kjerneprinsippa (CPSS, 2001)

- I. Systemet skal ha eit velfundert rettsleg grunnlag i alle relevante juridiksjonar.
- II. Den finansielle risikoen ved å delta i systemet skal vere kjent og forstått av kvar einiskild deltakar.
- III. Systemet skal ha klart definerte prosedyrar for handtering av kreditt- og likviditetsrisiko, som viser kva for ansvar operatøren og deltakarane har, og som gir nødvendig tilskunding til å handtere desse risikoane.
- IV. Systemet skal ha omgåande endelig oppgjer på valuteringsdagen, helst i løpet av dagen, og seinast ved slutten av dagen.
- V. Eit system med multilateral netting skal, som eit minstekrav, vere i stand til å sikre eit korrekt dagleg oppgjer, sjølv om deltakaren med den største einskilde skyldnaden ikkje kan gjere opp for seg.
- VI. Oppgjøret skal helst bli gjennomført ved bruk av fordringar på sentralbanken. Dersom andre aktiva blir brukte, skal dei ha liten eller ingen kredittrisiko.
- VII. Systemet skal vere sikkert og operasjonelt påliteleg og ha beredskapsløysingar som sikrar gjennomføringa av det daglege oppgjøret dersom det ordinære systemet ikkje fungerer.
- VIII. Systemet skal tilby effektive og praktiske betalingsløysingar.
- IX. Systemet skal ha objektive og offentleg tilgjengelege vilkår for deltaking som mogleggjer rettferdig og open tilgang.
- X. Systemet skal vere effektivt, klart og oversiktleg organisert.

### Sentralbankens ansvarsområde knytte til kjerneprinsippa (CPSS, 2001)

- A. Sentralbanken skal gjere det klart kva for mål og rolle han har i høve til betalingssystemet, og dei viktigaste retningslinene for betalingssystem som har noko å seie for den finansielle stabiliteten.
- B. Sentralbanken skal syte for at dei betalingssystema han driv sjølv, tilfredsstillar kjerneprinsippa.
- C. Sentralbanken skal sjå til at betalingssystem han ikkje driv sjølv, tilfredsstiller kjerneprinsippa, og han skal ha fullmakt og høve til å foreta slik overvaking.
- D. Sentralbanken skal samarbeide med andre sentralbankar og andre relevante innanlandske og utanlandske styresmakter om å fremme sikre og effektive betalingssystem i samsvar med kjerneprinsippa.

retningsliner for korleis juridisk, finansiell og operasjonell risiko bør avgrensast og for korleis systema best blir effektive, opne og kan sikrast god styring. CPSS gav òg fire tilrådingar om kva sentralbankane skal gjere for å sjå til at viktige interbanksystem følgjer kjerneprinsippa.

Lov om betalingssystem gir Noregs Bank konsesjons- og tilsynsmynde for dei norske interbanksystema. Loven stiller blant anna krav til utforminga av interbanksystema som blir underlagt konsesjon, og gir Noregs Bank rett til å krevje endringar. Krava i loven byggjer blant anna på seks internasjonale tilrådingar, kjend som Lamfalussy-tilrådingane (CPSS 1990). Tilrådingane er forløparane til kjerneprinsippa.<sup>9</sup> Gjennom tilsynet med dei systema som har konsesjon, ser Noregs Bank til at krava i betalingssystemloven blir oppfylte. Tilsynet skjer gjennom rapportering frå, og regelmessige møte med, operatørane for systema. Noregs Bank blir blant anna informert om omsetning, eksponeringar og driftsavbrot. Større endringar knytt til eigar, organisasjons- og driftstilhøve skal dessutan godkjennast av Noregs Bank.

Overvakinga femner breiare enn tilsynet (sjå figur 5.5). Medan tilsynet berre er retta mot dei interbanksystema som har konsesjon (NICS og DnB NOR), omfattar overvakinga også viktige interbanksystem utan konsesjon. Dessutan vil Noregs Bank i overvakinga også leggje vekt på andre tilhøve enn dei som det blir stilt krav om i betalingssystemloven. For den delen av overvakinga som ikkje blir omfatta av betalings-systemloven, og dermed av tilsynsarbeidet, kan Noregs Bank ikkje påleggje endringar, men drøftar kva som er dei beste løysingane med aktørane.

Noregs Banks eige oppgjerssystem, NBO blir ikkje omfatta av krava om konsesjon og tilsyn i betalingssystemloven, men systemet blir likevel overvaka slik CPSS tilrår. Noregs Bank utfører overvakinga i ei avdeling som er skilt frå den operative.

Noregs Bank deltek også i sentralbankane si samordna overvaking av CLS (sjå tekst i marginen på sida føre).

<sup>9</sup> Kjerneprinsippa inkluderer dei seks Lamfalussy-tilrådingane, i tillegg til fire nye tilrådingar.

## 5.3 Vurdering i høve til kjerneprinsippa

Som eit ledd i Noregs Banks overvaking er NBO, NICS og DnB NORs interbanksystem evaluerte mot dei ti kjerneprinsippa frå CPSS med tilhøyrande presiseringar. Evalueringa av NICS og NBO byggjer på ein gjennomgang av tilhøve som knyter seg til masseoppgjeret og RTGS. Andre avrekningar og oppgjer innanfor NICS og NBO er ikkje vurderte. Alle kjerneprinsippa blir sett på som oppfylte eller i hovudsak oppfylte (sjå figur 5.9). Det viser at systema, med berre mindre atterhald, tilfredsstillar internasjonale tilrådingar.

I gjennomgangen er systema vurderte like strengt sjølv om konsekvensane av ein svikt vil avhenge av kva for eit system det gjeld. Systema er vurderte slik dei var ved utgangen av mars 2007, uavhengig av om det har lege føre planar om nært føreståande endringar. Resultata av vurderinga er vist i figur 5.9. Heile vurderinga er framstilt i appendikset til kapitelet. Nedanfor blir eit utval av prinsippa gjennomgått. Her blir også forventa endringar og forbetringar kommentert. Det blir og peikt på at somme prinsipp er mindre relevante for dei norske systema. Dei prinsippa som blir sett på som i hovudsak oppfylte, blir omtalte først. Etter det blir det skrive om nokre av prinsippa som blir vurderte som fullt ut oppfylt. Det er særleg lagt vekt på å kommentere prinsipp der det er avdekt rom for forbetringar eller er planlagt endringar.

### *Prinsipp rekna som i hovudsak oppfylt*

#### **NICS**


*Kjerneprinsipp 1* omhandlar det rettslege grunnlaget for systemet. Prinsippet blir ikkje sett på som fullt ut oppfylt fordi avtalen for oppgjer av posisjonane til bankane knytte til BankAxept<sup>10</sup> ikkje er meldt til Noregs Bank. Etter denne avtalen skal bankane sine posisjonar frå transaksjonar gjennom BankAxept bli gjort opp jamvel om ein deltakar blir sett under offentleg administrasjon. Avtalen legg til grunn at oppgjersbanken skal tilføre likviditet slik at oppgjeret kan bli gjennomført, og deretter freiste å få dekt frå buet eventuelle tap dette medfører. Dersom delar av tapet ikkje blir dekt av buet, kan oppgjersbanken fremme krav mot bankane som utferdar BankAxept-kort. Noregs Bank har som oppgjersbank har ikkje vore villig til å gå inn i ei slik rolle.

I eit utkast til nye prosedyrar for oppgjeret er det ikkje lenger lagt opp til at oppgjersbanken skal dekkje posisjonen til ein bank under offentleg administrasjon. NICS Operatørkontor<sup>11</sup>

<sup>10</sup> BankAxept er det nasjonale systemet for betaling med bankkort i Noreg.

<sup>11</sup> NICS Operatørkontor er operatør for NICS, jamfør Lov om betalingssystem kapittel 2. NICS Operatørkontor har ansvaret for organisering og drift av NICS, og er adressat for eventuelle pålegg frå Noregs Bank.

**Figur 5.5** Noregs Banks overvaking og tilsyn av interbanksystema



Kjelde: Noregs Bank

### Tidspunkt for kreditering

Ei betaling frå kunde 1 til kunde 2 gjennom bankane deira inneheld desse operasjonane:

1. Bank A debiterar kunde 1 sin konto og sender ei betalingsmelding gjennom betalingssystemet der bank B blir bedt om å kreditere kunde 2 sin konto.
2. Oppgjersbanken debiterer kontoen til bank A og krediterer kontoen til bank B.
3. Bank B krediterer kunde 2 sin konto.

Rekkefølga på disse operasjonane har mykje å seie for risikoen i oppgjerssystemet. Dersom bankane praktiserer "forskotert kreditering", vil bank B kreditere kunde 2 (trinn 3) før banken har fått oppgjær i oppgjersbanken. Dette inneber ein risiko for bank B, ettersom bank A kan bli sett under offentleg administrasjon før oppgjæret i oppgjersbanken. Utan forskotert kreditering vil ikkje bank B ta på seg ein skyldnad overfor kunde 2, og vil heller ikkje ha ein risiko for tap i tilfelle bank A blir sett under offentleg administrasjon.

Det er ikkje forskotert kreditering i interbanksystema som blir evaluerte i denne rapporten.

### Endringar i NICS

I løpet av 2008 vil det bli gjort nokre systemendringar i NICS. Avrekningane av massetransaksjonar og SWIFT-transaksjonar vil bli slått saman. Samstundes vil det bli innført ei beløpsgrense på 25 millionar kroner for alle typar transaksjonar i denne avrekninga. Transaksjonar på høgare beløp vil bli gjort opp brutto. Dermed vil beløpet og ikkje formatet transaksjonen er sendt på, avgjere om han blir gjort opp brutto eller netto. Vidare vil det bli mogeleg for bankane å sjå kva for posisjonar dei har mot andre einskilde bankar. Med den nye løysinga vil NICS kunne produsere eit nytt avrekningsresultat med ein gong dersom avrekninga blir kalla attende i NBO. Risikoen for dei bankane som er med i NICS vil dermed bli redusert i høve til i dag.

vil først spørje buet om det vil dekkje heile eller delar av skyldnadene til banken. Skyldnaden som buet ikkje dekkjer, blir fordelt på dei andre bankane som utferdar BankAsept-kort. Den delen av tapet som den einskilde banken må bere, vil avhenge av kor mange kort banken har utferda. Med ei slik løysing vil oppgjersbanken ikkje måtte tilføre likviditet for å dekkje posisjonen til ein bank som er sett under offentleg administrasjon. Den viktigaste innvendinga Noregs Bank har mot den eksisterande avtala, er dermed teke omsyn til i utkastet til nye prosedyrar.

Etter *kjerneprinsipp V* skal eit nettooppgjær kunne gjennomførast sjølv om deltakaren med den største skyldnaden ikkje kan gjere opp for seg. Det skal fjerne likviditetsrisikoen for bankane og gjere det lettare å ha oversyn over kredittrisikoen knytt til oppgjæret. Gjennomføringa av nettooppgjæra som blir avrekna i NICS, er ikkje sikra i samsvar med denne tilrådinga. Kredittrisikoen er tilnærma fjerna ved at bankane, for den største mengda av transaksjonar, krediterer kundane sine etter oppgjær (sjå tekst i margin). Tilsvarande prosedyrar er ikkje etablerte for å fjerne likviditetsrisikoen. Simuleringar har likevel vist at likviditetssvikten for dei andre bankane normalt er avgrensa jamvel om den største deltakaren ikkje kan dekkje posisjonen sin. Denne risikoen vil truleg bli ytterlegare avgrensa når NICS tek i bruk nye funksjonar i 2008 (sjå tekst i margin). Noregs Bank vurderer løysinga bankane har valt for masseoppgjæret, til å vere like føremålstenleg som ei løysing basert på ei sikra gjennomføring av oppgjæret. Dette skuldast blant anna at eit sikra oppgjær ville påført bankane ein kredittrisiko dei ikkje har ved dagens løysing.

### NBO

Etter *kjerneprinsipp V* skal gjennomføringa av eit nettooppgjær sikrast sjølv om deltakaren med den største skyldnaden ikkje kan gjere opp for seg, jamfør tilsvarande prinsipp for NICS. Løysinga bankane har valt, inneber at gjennomføringa av masseoppgjæret i NBO kan bli avvist om ein deltakar ikkje kan gjere opp skyldnaden sin. Derfor oppfyller ikkje NBO fullt ut *kjerneprinsipp V* jamvel om dette kan sjåast som ein konsekvens av vala bankane har gjort. Som det òg er skrive ovanfor, blir dagens løysing sett på som like god som løysinga *kjerneprinsipp* skisserer.

### DnB NOR

*Kjerneprinsipp I* omhandlar det rettslege grunnlaget for systemet. Systema skal blant anna ha klare og oppdaterte avtalar. I 2003 fusjonerte DnB og Gjensidige NOR og skipa DnB NOR. Før fusjonen var begge bankane private oppgjersbankar. Nokre avtalar med deltakarbankane har ikkje blitt oppdaterte i samsvar med dei endringane som er gjort i systema etter fusjonen. Avtalane mellom DnB NOR og nokre av deltakarbankane inneheld derfor utdatert og misvisande informasjon. At desse bankane òg er knytte til avtaleverket i

NICS, bøter på problemet. Fleirtalet av deltakarbankane har dessutan oppdaterte avtalar med DnB NOR.

Ifølgje *kjerneprinsipp VI* skal oppgjeret mellom bankar helst bli gjennomført ved bruk av fordringar på sentralbanken. Dersom andre aktiva blir brukte, skal dei ha liten eller ingen kredittisiko. Oppgjeret i DnB NOR skjer ved bruk av fordringar på DnB NOR, og følgjeleg ikkje i sentralbankpengar. DnB NOR blir vurdert som ein kredittverdig bank, og prinsippet blir rekna for å vere i hovudsak oppfylt.

I *kjerneprinsipp IX* blir det tilrådd at systema skal ha objektive og offentleg tilgjengelege vilkår for deltaking. Verken informasjon om prisar eller andre forhold som kan påverke tilgangen til DnB NORs oppgjerssystem, er offentleg tilgjengelege. Men bankane kan velje om dei vil delta i DnB NORs oppgjerssystem, i andre private oppgjerssystem, eller om dei vil ha oppgjer direkte i NBO. Faren for og konsekvensane av at DnB NOR ikkje skulle tilby rettferdig og open tilgang blir redusert ved at bankane har fleire alternativ.

### *Utvalde prinsipp rekna som oppfylt*

#### **NICS**

Ifølgje *kjerneprinsipp II* skal den finansielle risikoen vere kjent og forstått av deltakarane i systemet. Informasjonen frå NICS kan på nokre punkt bli klarare enn den er i dag. Til dømes er avtaleverket unøyaktig når det gjeld einiskilde tidspunkt knytte til handtering av situasjonar der ein bank manglar dekning.


At avtalen om oppgjeret av BankAxept ikkje er godkjent av Noregs Bank, kan gjere det uklart kva for ein risiko deltakarbankar blir påført dersom ein bank blir sett under offentleg administrasjon. Det er likevel lagt til rette for at bankane skal forstå den finansielle risikoen sin gjennom avtalar og annan tilgjengeleg informasjon.

*Kjerneprinsipp III* omhandlar korleis systemet handterer kreditt- og likviditetsrisiko. Dersom masseavrekninga i NBO blir avvist, får bankane ein viss likviditetsrisiko. Denne risikoen blir sett på som handterleg med dagens omsetning og likviditetssituasjon. I 2008 vil NICS ta i bruk nye funksjonar, som er forventa å redusere likviditetsrisikoen i masseavrekninga (sjå tekst i margin ved omtalen av prinsipp V).

*Kjerneprinsipp VII* handlar om den operasjonelle tryggleiken til systema. Drifta av NICS går føre seg i Bankenes Betalingssentral (BBS). BBS har gjennomarbeidde og



**Figur 5.6** Avvik i NICS-drift. 1998-2006. Talet på feil



Kjelde: NICS Operatørkontor

oppdaterte rutinar for risikohandtering. BBS er dessutan sertifisert etter dei internasjonale standardane ISO 27001 og ISO 9001, og blir jamleg revidert av Det norske Veritas. Sidan slutten av nittitalet har BBS hatt ein nedgang i talet på feil ved drifta av NICS (sjå figur 5.6).

Ut frå omsynet til beredskapen ville det vore ønskjeleg å ha alternierende driftsstad. Dagens reservestad blir berre teken i bruk ved øvingar eller dersom den faktiske avvikssituasjonen skulle krevje det. BBS planlegg å etablere ei løysing med to driftssteder som skal vere i dagleg bruk. I tillegg utgreier BBS om ein kan drive NICS frå ein tredje stad.


## NBO

*Kjerneprinsipp I og II* handlar om høvesvis det rettslege grunnlaget til systema og risikoen ved deltaking. Prinsippa blir sett på som oppfylte, men avtaleverket kan framleis gjerast klarare. Noregs Bank har valt ikkje å offentleggjere detaljerte prosedyrar for korleis avvikssituasjonar vil bli handterte. I nokre tilfelle kan bankane leggje til grunn at Noregs Bank vil rette seg etter avtaleverket til NICS, men Noregs Bank har ikkje opplyst i sitt avtaleverk om banken vil følgje dette. I andre tilfelle går det verken fram av regelverket i NICS eller i NBO kva Noregs Bank vil gjere i ein avvikssituasjon. Dette kan gjere det vanskeleg for bankane på førehand å sjå korleis ein avvikssituasjon vil utvikle seg. Samstundes er det ein føremon at sentralbanken har høve til å utøve skjønn når ein avvikssituasjon blir handsama. Noregs Bank er ikkje bunden til å handtere avvikssituasjonar på ein bestemt måte og står fritt til å velje den løysinga som er best i den einskilde situasjonen. Likevel kan det bli presisert i Noregs Banks regelverk i kva for situasjonar Noregs Bank vil bruke skjønn.

NBO blir rekna for å oppfylle *kjerneprinsipp III* om handtering av kreditt- og likviditetsrisiko. Deltakarane blir ikkje påført kredittisiko i NBO bortsett frå svært små eksponeringar for korttransaksjonar. Kredittrisikoen ved korttransaksjonar vil bli klarare når bankane har etablert nye BankAsept-prosedyrar, sjå omtale av prinsipp I for NICS.

Bankane har ein viss likviditetsrisiko både i bruttooppgjeret og i masseoppgjeret i NBO. Likviditetsrisikoen i masseoppgjeret skuldast at gjennomføringa av oppgjeret ikkje er sikra. Dersom ein bank ikkje kan dekkje skyldnadene sin eller blir sett under offentlig administrasjon, vil avrekninga bli kansellert. NICS vil deretter gjere ei ny avrekning utan denne banken. Dei andre bankane vil da få endra posisjonane sine. Denne likviditetsrisikoen vil vere avgrensa i normale tilfelle blant anna fordi bankane har mykje likviditet tilgjenglig i Noregs Bank (sjå figur 5.7).

**Figur 5.7** Likviditet og omsetning i NBO 2000-2006. Dagleg gjennomsnitt. Milliardar



Kilde: Noregs Bank

Likviditetsrisiko i bruttooppgjøret kan oppstå fordi bankane sender hovudtyngda av transaksjonane sine rundt klokka 13.00. Ved ein teknisk svikt kan ein bank bli ute av stand til å sende transaksjonar, men likevel ta imot innkomande transaksjonar i NBO. Da kan delar av likviditeten i NBO bli låst inne på kontoen til denne banken. Samordninga medverkar samstundes til at bankane treng mindre likviditet ved at vranglåsmekanismen til systemet avreknar transaksjonar under gjennomføringa av oppgjøret. Derfor er det ikkje klart at det vil vere tenleg å endre tidspunkt for innsending av transaksjonar til NBO. Med det nye oppgjørssystemet som vil bli teke i bruk frå 2008 (sjå tekst i marginen), vil oppgjøra kunne gjennomførast etter same prosedyrar som i dag, men andre løysingar kan også veljast. For eksempel kan ordningar med bilaterale grenser bli innført. Dette innskrenkar risikoen for at bankane sender for mykje likviditet til ein bank som av tekniske grunnar ikkje kan sende frå seg transaksjonar.

NBO blir vurdert til å vere eit sikkert og operasjonelt påliteleg system som oppfyller *kjerneprinsipp VII*. Det har gode beredskapsrutinar, tryggleiken er høgt prioritert og driftsstabiliteten har vore god dei siste åra (sjå figur 5.8). Den operasjonelle risikoen kan likevel bli ytterlegare redusert.

Noregs Bank har sett i gang arbeidet med å utvikle eit nytt oppgjørssystem. Bakgrunnen for dette er at NBO nærmar seg enden på den teknologiske levetida si. Dersom drifta av dette systemet skulle halde fram i fleire år, ville risikoen etter kvart kunne bli for høg. Med det nye oppgjørssystemet vil NBO bli mindre sårbar, ettersom leverandøren vil stå for vedlikehald og systemutvikling. I tillegg er det planlagt å innføre alturnerande driftsstad. Dette vil gjere beredskapsløysingane meir robuste. Dagens reserveløysing blir berre teken i bruk ved svært alvorlege avvik i program- og maskinvara i hovudsystemet.

CPSS (2001) tilrår at systemoperatøren blir sertifisert etter ein hevdvunnen internasjonal tryggleiksstandard. På denne måten blir det sett til at beste praksis for tryggleik blir følgt til ei kvar tid. Noregs Bank er ikkje sertifisert etter ein slik standard. Det er rett nok ErgoGroup, som sia 2003 har stått for den tekniske drifta av NBO.


### DnB NOR

*Kjerneprinsipp III* dreier seg om den finansielle risikoen til deltakarane. DnB NOR har forplikta seg til å oppdatere kontoane til deltakarbankane dersom masseoppgjøret i NBO blir gjennomført. Oppgjøret i NBO vil dermed ikkje bli forstyrra jamvel om ein av deltakarane i DnB NORs oppgjørssystem ikkje kan innfri skyldnadene sine. Vidare

### Endringar i NBO

Noregs Bank har vedteke å skifte ut oppgjørssystemet sitt med ei ny løysing basert på eit standard oppgjørssystem utvikla av ein internasjonal leverandør. Med det nye systemet vil bankane kunne sende transaksjonar elektronisk til Noregs Bank gjennom ein særskilt WEB-klient i tillegg til på SWIFT-format. Overgangen til et nytt oppgjørssystem vil også gjere det mogeleg å opprette fleire underkontoar for kvar bank. Dette vil bli utnytta ved at det blir oppretta særskilte konti for verdipapiroppgjøret og for inn- og utbetalingane til CLS. Det nye oppgjørssystemet vil også innehalde ny funksjonalitet for blant anna prioritering av transaksjonar og bilaterale grenser. Etter planen vil systemet bli sett i drift i 2008.

Figur 5.8 Tilgjenge i NBO si opningstid. Årsresultat 2000-2006. Prosent



Kjelde: Noregs Bank

### Skifte av oppgjørsbank

Dersom ein privat oppgjørsbank ikkje kan halde fram med verksemda si, vil bankar med oppgjør hos denne banken ikkje lenger kunne drive betalingsformidling. Noregs Bank ser det derfor som viktig at det blir lagt til rette for eit snøgt skifte av oppgjørsbank i slike høve. Teknisk sett er dette mogleg, men det er uklart om avtalane i dei ulike interbanksystema legg til rette for det. NICS Operatørkontor og oppgjørsbankane er i ferd med å tilpasse avtaleverket slik at skifte av oppgjørsbank skal kunne gjerast snøgt nok i krisehøve. Etter planen vil dette arbeidet være gjennomført i løpet av 2007.

vil deltakarane ta imot oppgjer sjølv om ein annan deltakar i systemet ikkje kan dekkje posisjonen sin. Som følgje av dette er den finansielle risikoen til deltakarane i DnB NOR svært låg, og prinsippet blir rekna som oppfylt.

I dagens løysing har den private oppgjersbanken ein viss risiko. I regi av NICS Operatørkontor blir det vurdert om det bør etablerast løysingar som kan redusere denne risikoen. Eit tiltak kan vere å setje ei beløpsgrense i masseavrekninga for transaksjonar frå bankar med privat oppgjersbank. Transaksjonar over maksimumsbeløpet vil bli gjort opp brutto. Eit anna moglege tiltak er å setje grenser for kor store eksponeringar ein privat oppgjersbank skal kunne påførast av ein deltakarbank under gjennomføringa av oppgjeret.

I kjerneprinsipp *VIII* blir det stilt krav om at systema skal vere praktiske og effektive for brukarane. Oppgjerssystemet til DnB NOR blir vurdert å oppfylle dette. Deltakarane har tilgang til å bruke betalingsløysingane til DnB NOR, til dømes ved betalingar til eller frå utlandet. Dei får også gjort opp massebetalingane utan unødvendige forseinkingar. Likviditetskostnadene til deltakarane blir reduserte fordi DnB NOR gir deltakarane sine usikra kreditt ved gjennomføringa av oppgjeret.

Det kan vere ein føremon at mindre bankar gjer opp i ein privat oppgjersbank også for det norske bankvesenet samla. For eksempel krev gjennomføringa av nettooppgjera i NBO at alle deltakarane har dekning for skyldnadene sine. Dersom dette vilkåret ikkje er oppfylt, vil avrekninga bli avvist og oppgjeret forseinka. Når dei fleste små og mellomstore bankane har oppgjer i ein privat oppgjersbank, blir risikoen for dette redusert.

## 5.4 Risiko utover kjerneprinsippa

Kjerneprinsippa blir brukte av stadig fleire sentralbankar som grunnlag for overvakinga av systemviktige interbanksystem. Eit resultat av dette er at det blir retta merksemd mot moglege risikoar som kjerneprinsippa ikkje seier noko om. Forretningsrisiko og risiko som kjem av samanknyttingar av ulike system, er viktige risikotypar som ikkje blir direkte omfatta av kjerneprinsippa (Bank of England 2006). Prinsippa seier heller ikkje noko om samordninga mellom ulike system.

Forretningsrisiko er risikoen for at ein systemoperatør eller ein leverandør av infrastruktur får finansielle vanskar og dermed ikkje kan levere nødvendige tenester. System som har private eigarar, eller som er knytte til slike system, er utsette for forretningsrisiko.

Risiko ved samanknytingar kan oppstå på fleire måtar. Dersom ein bank som tek del i to eller fleire system, ikkje mottek oppgjer i eitt av systema, kan det føre til at banken ikkje kan gjere opp for seg i eit anna system. Vidare kan samband med ein felles leverandør av infrastruktur gjere fleire system sårbare dersom han ikkje kan levere.

At samordninga mellom interbanksystem ikkje blir omfatta av kjerneprinsippa, gjer at eventuelle manglar på dette feltet ikkje påverkar i kva grad dei oppfyller prinsippa. Til dømes blir både NBO og NICS vurdert til å oppfylle *kjerneprinsipp X*, om effektiv, klar og oversiktleg organisering, sjølv om det er teikn på at samordninga mellom dei kan betrast.

**Figur 5.9** Oppsummering av vurderingene av systema mot kjerneprinsippa

	NBO	NICS	DnB NOR
KP I Rettsleg grunnlag	●●●●	●●●○	●●●○
KP II Forstått finansiell risiko	●●●●	●●●●	●●●●
KP III Styring av finansiell risiko	●●●●	●●●●	●●●●
KP IV Omgåande endeleg oppgjer	●●●●	●●●●	●●●●
KP V Sikra oppgjer av multilateral netting <sup>1</sup>	●●●○	●●●○	●●●●
KP VI Fordringar på sentralbanken	●●●●	Ikkje relevant	●●●○
KP VII Sikkert og operasjonelt påliteleg	●●●●	●●●●	●●●●
KP VIII Effektivt og praktisk	●●●●	●●●●	●●●●
KP IX Open og rettferdig deltaking	●●●●	●●●●	●●●○
KP X Organisering	●●●●	●●●●	●●●●

<sup>1</sup> Kjerneprinsippet er ikkje relevant for bruttooppgjer



Oppfylt



I hovudsak oppfylt



Delvis oppfylt



Ikkje oppfylt

# Arbeidskonflikt og tvungen lønnsnemnd i banknæringa

Finansforbundet varsla plassoppseiing for om lag 6 000 medlemmer i forsikringsselskapa da forhandlingane med Finansnæringens Hovudorganisasjon blei brotne 3. mai 2006. Seinare blei det varsla opptrapping for over 1 500 medlemmer i 76 bankar. Finansnæringens Arbeidsgiverforening varsla samstundes lockout for dei andre om lag 15 000 medlemene i Finansforbundet. Riksmeklingsmannen freista å løyse konflikten ved mekling, og partane heldt møte med arbeids- og inkluderingsministeren. Tvisten blei likevel ikkje løyst. Den 11. juni melde statsråden at regjeringa ville fremme lovforslag om at tvisten skulle bli avgjort ved tvungen lønnsnemnd. Bakgrunnen var at ein varsla stans i betalingssystema raskt ville føre til store og alvorlege problem for samfunnet. Etter dette blei streik og lockout ikkje sett i verk.

Bankane meiner at dersom dei skulle halde systema sine i gang under ein arbeidskonflikt, kunne reduksjonen av arbeidsstyrken føre til at feil i systema ikkje ville bli retta. Det ville gitt bankane høgare risiko enn dei godtek. Banknæringa har derfor vedteke å stengje dei sentrale delane av betalingssystemet ved ein omfattande arbeidskonflikt. Dette handlingsmønsteret blir kalla stengjedoktrinen. Stengjedoktrinen omfattar dei fleste norske bankar<sup>1</sup>, Bankenes Betalingsentral (BBS) og NICS<sup>2</sup>.

Betalingsterminalar, telebank og nettbank vil ikkje vere i drift om stengjedoktrinen blir iverksett. Bankar som er medlemmer i Finansnæringens Arbeidsgiverforening, vil halde stengt. Tenestene i BBS vil ikkje vere tilgjengelege, og derfor vil det òg vere vanskeleg for andre bankar å tilby betalingstenester. Kontantar vil framleis kunne nyttast som betalingsmiddel, men minibankane vil ikkje bli etterfylte, og det vil bli mangel på kontantar.

Noregs Banks oppgjerssystem (NBO) vil vere i normal drift under stengjedoktrinen. NICS vil ikkje avrekne eller sende transaksjonar vidare til NBO (sjå kapittel 5), men bankane vil kunne sende transaksjonar direkte til Noregs Bank. Verdipapiroppgjeret og oppgjeret av valutahandlar gjennom Continuous Linked Settlement (CLS) vil dermed kunne gjennomførast, men dette kan føre med seg risiko for bankane. Dei sender og mottek betalningar på vegne av kundane sine i desse oppgjera. Til vanleg vil fordringar bankane får mot kundane sine, gjerast opp same dag, men dette vil ikkje alltid la seg gjere under stengjedoktrinen. Bankane vil såleis kunne få ein større fordring over lengre tid mot kundane sine enn vanleg.

Når ein skal stengje systema og starte dei opp att, oppstår det òg risiko. Noregs Bank har derfor bedt operatørane for dei avreknings- og oppgjerssystema som har konsesjon (NICS og DnB NOR), avdekkje kor stor den operasjonelle risikoen er ved å stengje og opne betalingssystema igjen, og kva dei kan gjere for å redusere risikoen. Konsesjonshavarane har opplyst at dei har rutinar som gjer at dei kan handtere den operasjonelle risikoen ved å stengje og starte opp systema.

<sup>1</sup> Stengjedoktrinen omfattar medlemene i Finansnæringens Arbeidsgiverforening.

<sup>2</sup> NICS Operatørkontor avgjer om NICS skal stengjast. BBS er driftsstad for NICS, og BBS er medlem i Finansnæringens Arbeidsgiverforening.



# Appendiks:

## Gjennomgang av norske interbanksystem

I dette vedlegget blir Noregs Banks oppgjerssystem (NBO), Norwegian Interbank Clearing System (NICS) og DnB NORs<sup>12</sup> interbanksystem vurderte opp mot dei ti kjerneprinsippa frå CPSS (2001)<sup>13</sup> med tilhøyrande presiseringar. Systema er nærmare omtalte i kapittel 5 i rapporten (5.1).

Systema er i hovudsak presenterte kvar for seg. Dei er gitt ei sjølvstendig evaluering for kvart prinsipp (sjå figur 5.9 i kapittel 5). Fordi systema er knytte tett saman, er det rett nok i nokre høve føremålstoneleg å sjå dei i samanheng. Det gir også eit meir heilskapleg inntrykk av risikoen ved å delta i fleire av systema.

Vurderingane av systema byggjer på dokumentasjon frå operatørane. Der dokumentasjon ikkje er tilgjengeleg, er vurderingane baserte på fråsegner frå operatørane og andre partar. Dette gjeld særleg for nokre spørsmål som knyter seg til kjerneprinsipp VII.

Systema er vurderte slik dei var ved utgangen av mars 2007, utan omsyn til om det låg føre seg planar om å endre systema. I kapittel 5 er det òg skrive om forventa endringar, og relevansen somme prinsipp har for dei norske systema blir drøfta.

### Kjerneprinsipp I

#### **Systemet skal ha eit velfundert rettsleg grunnlag i alle relevante jurisdiksjonar.**

Lov- og avtaleverka som er relevante for NICS, NBO og DnB NORs interbanksystem, er med nokre få unntak oppdaterte og komplette.

*Betalingsystemloven (1999)* stiller krav om at interbanksystem som har mykje å seie for den finansielle stabiliteten, skal ha konsesjon og vere underlagt tilsyn frå Noregs Bank. Reglane for systema skal vere nedfelte i avtalar mellom deltakarane. Avtalane skal blant anna fastsetje når betalingsoppdrag mellom bankane er bindande, også

når ein bank er sett under offentleg administrasjon. Med betalingsystemloven blei EU-direktivet om endeleg oppgjær implementert i norsk rett. *Finansavtaleloven (1999)* regulerer sentrale avtalar om finansielle tenester som finansinstitusjonar tilbyr publikum. Dette omfattar blant anna avtalar om innskot, betalingstenester, utlån og kausjon. EU-direktivet om pantsetjing av finansaktiva blei implementert i norsk lovgiving gjennom *Lov om finansiell sikkerhetsstillelse (2004)*. Loven gir somme finansielle kontraktar vern i konkurs, og rett til hurtig realisering av pantet.

### NICS

For å delta i NICS må bankane slutte seg til delar av Finansnæringens Hovedorganisasjon (FNH) og Sparebankforeningens *Avtale- og regelverkssamling for innenlandsk betalingsformidling*. Kapittel tre i dette avtaleverket regulerer når bankane kan kalle tilbake transaksjonar under og utanfor offentleg administrasjon. Avtaleverket regulerer også korleis transaksjonar skal handterast dersom dei blir avvist i NBO fordi ein bank manglar dekning eller blir sett under offentleg administrasjon. I tillegg blir det gjort klart kva for oppgåver og kva for rett til å gjere vedtak som er delegert til NICS Operatørkontor.

Avtaleverket i NICS er noko uklart einiskilde stadar. Det viktigaste er truleg at det ikkje er klart i kva grad BankAxept-avtalen<sup>14</sup> vil bli følgt dersom ein bank blir sett under offentleg administrasjon. I samhøve med avtalen vil BankAxept-transaksjonane (korttransaksjonane) bli gjort opp sjølv om dei involverer ein slik bank. Avtalen har som føresetnad at oppgjersbanken skal dekkje eventuelle debetposisjonar frå ein bank under offentleg administrasjon, for så å fremme krav mot buet. Noregs Bank som oppgjersbank godtek ikkje ei slik løysing, og har ikkje godkjent avtalen som konsesjonsstyresmakt.

### NBO

Bankar som vil delta i NBO, må slutte seg til *Konto- og oppgjørsavtalen*. Bankar som også vil ta opp lån i Noregs Bank, må i tillegg slutte seg til *Avtale om finansiell sikkerhetsstillelse for lån i Norges Bank*. Konto- og oppgjørsavtalen har blant anna reglar for registrering av betalingsoppdrag, kva for krav som gjeld for dekning av transaksjonar, korleis transaksjonane blir prioriterte om det

<sup>12</sup> DnB NOR Bank ASA blir referert til som DnB NOR.

<sup>13</sup> Vurderingane av NICS og NBO byggjer på ein gjennomgang av NICS-masseavrekning og RTGS, sjå kapittel 5.1

<sup>14</sup> Reglar om utferding og handsaming av BankAxept-kort i kontantautomatar og betalingsterminalar på brukarstader.

manglar dekning, og når ein transaksjon er endeleg oppgjort. Det er òg fastsett korleis ein transaksjon blir handtert dersom avsender- eller mottakarbank blir sett under offentleg administrasjon. Avtalen om sikkerhetsstillelse i finansielle aktiva, regulerer blant anna Noregs Bank og bankane sin rett til å rå over pantet, korleis pantet kan bli frigitt, og kva som skal til for at Noregs Bank kan realisere pantet.

### *DnB NOR*

DnB NOR har slutta seg til *Reglar for forholdet mellom oppgjørsmottakarar for nivå 2 i masseoppgjøret og NICS*. Desse reglane klargjer kva plikter DnB NOR har til å dekkje posisjonane for deltakarbankane sine i oppgjeret i NBO. Vidare seier reglane blant anna korleis ein deltakarbank vil bli handsama av NICS dersom oppgjørsmottakarar manglar dekning for skyldnadene sine i NBO.

Bankane med oppgjer i DnB NOR må slutte seg til avtalar om kontohald og oppgjer. Avtalene viser deltakarbankens og DnB NOR sine rettar og plikter for driftsmessige høve og avvik. Dette gjeld blant anna reglar for suspensjon av ein deltakar, for handsaming av ein bank under offentleg administrasjon, og for eit høve der DnB NOR ikkje kan fungere som oppgjørsmottakar. Avtalene har òg reglar for kontokreditt til deltakarbankane.

Bankane med oppgjer i DnB NOR må også delta i NICS. Dei pliktar å slutte seg til *Tilknytningsavtale til Bankenes felles Avregningssystem (NICS), Hovedavtale mellom banken og Bankenes Betalingsentral og Regler for forholdet mellom oppgjørsmottakarar for nivå 2 i masseoppgjøret og NICS*. Vidare må deltakarbankane forplikte seg til delar av *Avtale- og regelverkssamling for innenlands betalingsformidling* (sjå omtale av NICS under same prinsipp).

I 2003 fusjonerte DnB og Gjensidige NOR og skipa DnB NOR. Før fusjonen var begge bankane private oppgjørsmottakarar. Etter fusjonen har ikkje alle avtalar med deltakarbankane blitt oppdatert i tråd med endringar som er gjort i systema. Dette gjer at avtalene mellom DnB NOR og somme deltakarbankar ikkje inneheld oppdatert informasjon om dagens system. Dette er uheldig blant anna fordi det blir uklart når ein transaksjon er lagt inn i systemet, ettersom det i definisjonen blir vist til løysingar som ikkje lenger er i bruk.

Fleirtalet av deltakarbankane har rett nok oppdaterte avtalar. I desse avtalene kunne tidspunkt for endeleg oppgjer vere klarare presisert.

**Kjerneprinsipp I blir rekna for å vere i hovudsak oppfylt for NICS, oppfylt for NBO, og i hovudsak oppfylt for DnB NOR.**

### Kjerneprinsipp II

**Den finansielle risikoen ved å delta i systemet, skal vere kjent og forstått av kvar einskild deltakar.**

Bankane med oppgjer direkte i NBO har avtalar med Noregs Bank om oppgjer og kontohald, medan bankane med DnB NOR som oppgjørsmottakarar har tilsvarende avtalar med DnB NOR. Deltakarane i begge oppgjørsmottakarane knyter seg til NICS Operatørkontor for avrekning og mottak av transaksjonar. Avtalene er i hovudsak klare, oppdaterte og utfyllande. Dei har, med få unntak, detaljerte prosedyrar som skal følgjast dersom ein bank blir sett under offentleg administrasjon eller annan avvikssituasjon skulle oppstå.

### *NICS*

Det er ikkje klart om BankAsept-avtalen vil bli følgt dersom ein bank blir sett under offentleg administrasjon. Det skaper ei uvisse for bankane. Vidare inneheld nokre av reglane formuleringar som kan gjere det vanskeleg for bankane å forstå korleis ein transaksjon vil bli ført i ein avvikssituasjon.

### *NICS og NBO*

Reglane og avtalene til NBO og NICS er offentleg tilgjengelege. Noregs Banks avtaleverk ligg på bankens heimesider. Ein kan tinge avtale- og regelverksamlinga til NICS frå Finansnæringens Hovedorganisasjon (FNH), og ho er tilgjengeleg for deltakarane på Internett.

Mindre tiltak kan gjere det enklare for bankane å forstå den finansielle risikoen ved å delta i systemet. For det første kan det bli gjort klarare for deltakarane korleis ein transaksjon normalt blir gjennomført. Ein illustrasjon for å vise dette vil kunne gjere det lettare for bankane å sjå kvar regelverket til NICS sluttar og regelverket til NBO tek til. For det andre kan det vere fordelaktig om operatørane hadde referansar til regelverka til dei andre systema på heimesidene sine, slik at heilskapen gjekk betre fram.

På visse punkt er det ikkje samsvar mellom avtale- og regelverka til NICS og NBO. Til dømes viser avtaleverket i NICS og driftsmønsteret i NBO forskjellige tidspunkt for når sluttavrekninga<sup>15</sup> vil bli kansellert dersom ein bank manglar dekning. Dette gjer det vanskelegare for bankane å sjå føre seg den faktiske tidsplanen.

### *DnB NOR*

Avtaleverket til DnB NOR er av kommersielle grunnar ikkje offentleg tilgjengeleg.

Avtalane til DnB NOR er utarbeidde med utgangspunkt i regelverket til NICS og viser til dette regelverket der det er naturleg. Dette gjer det enklare for bankane å vurdere sin eigen risiko.

DnB NOR held kurs, konferansar og møte med deltakarbankane for å auke deira kompetanse på spørsmål om betalingsformidling, avrekning, oppgjer og likviditetsstyring.

På nokre område kan det gjerast tiltak for at bankane skal forstå risikoen ved å ta del i DnB NORs oppgjerssystem betre. DnB NOR kunne til dømes illustrert for deltakarane korleis transaksjonar med oppgjer i DnB NOR til vanleg går gjennom interbanksystemet. For dei deltakarane som er knytt til oppgjeret i DnB NOR med avtaler som er utdaterte, kan det dessutan oppstå misforståingar som reduserer forståinga av risikoen. Dette problemet kan fjernast ved at DnB NOR fornyar avtalane dei har med desse deltakarane.

**Kjerneprinsipp II blir rekna for å vere oppfylt for NICS, oppfylt for NBO, og oppfylt for DnB NOR.**

### Kjerneprinsipp III

**Systemet skal ha klart definerte prosedyrar for handtering av kreditt- og likviditetsrisiko, som viser kva for ansvar operatøren og deltakarane har, og som gir nødvendig tilskunding til å handtere desse risikoane.**

Bankane krediterer kundane sine etter oppgjeret i Noregs Bank, og har derfor ikkje kredittrisiko knytte til betalingsoppgjera. Dette gjeld rett nok ikkje for BankAxept-transaksjonane, der bankane forpliktar

seg til å gjere opp transaksjonen før oppgjeret i NBO finn stad. Men bankane sine posisjonar knytte til slike transaksjonar er små, så eventuelle tap vil venteleg vere moglege å handtere for bankane.

### *NICS og NBO*

Bankane med oppgjer i NBO har tilgang på sentralbanklikviditet gjennom lån mot pant i verdipapir i Noregs Bank. Informasjon om saldo, lånerett og om transaksjonane i systemet blir gitt i sanntid via NICS/NBO Likviditetsoversikt. Oppgjera blir dessutan overvakte gjennom dagen i Noregs Bank.

Bruttotransaksjonane blir gjorte opp kontinuerleg i NBO. Kjør blir handtert etter FIFO-prinsippet<sup>16</sup>, og det er etablert ein velfungerande vranglåsfunksjon. Denne funksjonen sikrar at ein bank får gjort opp dei utgåande transaksjonane sine dersom han har dekning for netto skyldnadene sine i NBO.

Bankane har avtalt at RTGS-transaksjonar<sup>17</sup> skal sendast til NBO rundt klokka 13.00. Synkroniseringa medverkar til å spare likviditet ved at vranglås-mekanismen blir brukt under gjennomføringa av oppgjeret. Løysinga gir samstundes ein viss likviditetsrisiko. Ved ein teknisk svikt kan ein bank bli ute av stand til å sende transaksjonar, men framleis kunne ta imot transaksjonar i NBO. I eit slikt tilfelle kan deler av likviditeten i NBO bli låst på denne bankens konto. Dette kan svekke likviditeten til dei andre bankane. Både NICS Operatørkontor og Noregs Bank kan i prinsippet gjennomføre tiltak som reduserer risikoen for dette.

To masseavrekningar blir sendte frå NICS til NBO dagleg. Avrekningane blir gjorte opp dersom alle bankane har dekning for skyldnadene sine. Dersom ein bank blir sett under offentleg administrasjon eller manglar dekning, blir avrekninga avvist i Noregs Bank. Da vil det bli rekna ut nye posisjonar utan denne banken. I verste fall kan bortfallet av likviditet for dei andre bankane bli så store at dei ikkje kan dekkje sine eigne skyldnader. Likviditetssimuleringar viser at det er liten risiko for dette slik situasjonen er nå med omsyn på omsetnad og likviditet i NBO.

<sup>15</sup> Sluttavrekninga er dagens andre masseavrekning som blir sendt til NICS fra NBO for oppgjer om lag kl 14.45.

<sup>16</sup> FIFO er ei kortform for "First in first out".

<sup>17</sup> RTGS er ei kortform for "Real Time Gross Settlement" og refererer til sanntidsoppgjer av enkeltransaksjonar.



## *DnB NOR*

DnB NOR er forplikta til å gjennomføre oppgjeret mot deltakarbankane sine dersom oppgjeret har funne stad i Noregs Bank. Bankane som gjer opp i DnB NOR, har derfor ikkje større kredittrisiko i oppgjeret enn bankane som gjer opp direkte i NBO.

Oppgjer av transaksjonar som blir handsama bilateralt, mellom DnB NOR og den einskilde deltakarbanken, føreset at deltakarbankane har dekning i form av innskot, trekkrettar og inngåande betalningar.

Risikoen for at ein bank med direkte oppgjør i Noregs Bank ikkje kan gjere opp for seg inneber ein viss likviditetsrisiko for deltakarbankane til DnB NOR. Bortfallet av likviditet vil i eit slikt tilfelle bli det same som deltakarbanken ville fått om den sjølv hadde oppgjer i NBO.

Det oppstår ein viss risiko for DnB NOR ved at banken er forplikta til å dekkje skyldnadene til deltakarbankane sine i masseoppgjeret. Det største potensielle tapet overfor ein bank knytt til dette tilsvarer deltakarbanken sin nettoskyldnad i masseoppgjeret. Denne risikoen blir likevel avgrensa ved at deltakarbankane er små samanlikna med DnB NOR. Dessutan overvaker DnB NOR deltakarbankane sine posisjonar i oppgjeret og den generelle finansielle stillinga deira. Ein bank som manglar dekning, kan bli utestengt frå det første masseoppgjeret følgjande oppgjersdøgn. Har banken ikkje skaffa seg dekning innan neste oppgjersdag, kan banken bli suspendert frå oppgjeret i DnB NOR.

**Kjerneprinsipp III blir rekna for å vere oppfylt for NICS, oppfylt for NBO, og oppfylt for DnB NOR.**

## Kjerneprinsipp IV

**Systemet skal ha omgåande endeleg oppgjer på valuteringsdagen, helst i løpet av dagen, og seinast ved dagens slutt.**

## *NICS*

NICS sender avrekningsresultata av massebetalingane til NBO to gonger om dagen. Bankane blir straffa med bøter av NICS dersom dei seinkar masseavrekninga. RTGS-transaksjonene blir kontinuerleg sendte til oppgjer i NBO.

## *NBO*

Tidspunkt for faktisk og lovmessig endeleg oppgjer er klart definert i konto- og oppgjersavtalen mellom Noregs Bank og bankane. Endeleg oppgjer skjer når Noregs Bank flytter pengar mellom bankane sine konti i Noregs Bank. Dersom bankane har dekning, ved tilstrekkeleg saldo eller lånetilgjenge, skjer dette normalt samstundes som transaksjonane blir mottekne i NBO. Ei betaling som er gjort opp, kan ikkje omstøytast. Det einaste unntaket er Noregs Banks høve til å rette egne feil.

Transaksjonane i RTGS blir gjorte opp kontinuerleg etter kvart som dei blir mottekne av NBO. Masseavrekninga blir gjort opp to gonger om dagen på fastsette tidspunkt. Dersom ein bank manglar dekning og seinkar masseoppgjeret, blir den gitt bot av Noregs Bank.

## *DnB NOR*

Posisjonar som deltakarbankane til DnB NOR har mot bankane med direkte oppgjer i NBO, blir gjort opp med endeleg verknad når oppgjeret finn stad i Noregs Bank. Oppgjeret mellom DnB NOR og deltakarbankane skjer etter at NBO har sendt ei stadfesting på gjennomført oppgjer til NICS, som så sender konteringsdata til DnB NOR. Transaksjonar kan kallast tilbake fram til utløpet av dagen før oppgjersdagen.

For dei transaksjonane som ikkje blir sendte via NICS og NBO, det vil seie betalingsoppdrag til eller frå utlandet og transaksjonar som blir gjorte opp bilateralt i DnB NOR, blir oppdraget sett på som utført med endeleg verknad når deltakarbanken sin oppgjerskonto er belasta eller godskrive i DnB NOR.

Tidspunkt for endeleg oppgjer og korleis oppgjer blir gjennomført, kunne vore klarare definert i DnB NORs avtaleverk.

**Kjerneprinsipp IV blir rekna for å vere oppfylt for NICS, oppfylt for NBO og oppfylt for DnB NOR.**

## Kjerneprinsipp V

**Eit system med multilateral netting skal, som eit minstekrav, vere i stand til å sikre eit korrekt dagleg oppgjer, sjølv om deltakaren med den største einskilde skyldnaden ikkje kan gjere opp for seg.**

For å oppfylle kjerneprinsipp V skal deltakarane ha etablerte mekanismar som sikrar oppgjer av alle multilateralt netta transaksjonar. Dette fører til at dei andre bankane sine posisjonar i nettooppgjeret ikkje blir endra, og at bankane tek imot eventuelle utbetalingar i oppgjeret til fastsett tid, jamvel om ein bank ikkje kan innfri skyldnadene sine.

Bankane har ikkje etablert ei slik løysing for masseoppgjeret. Dersom ein bank ikkje kan innfri skyldnadene sine, vil avrekninga bli avvist av NBO etter å ha lege i kø, og NICS vil rekne ut eit nytt avrekningsresultat utan denne banken. Bankane krediterer kundane etter oppgjer, og det vil derfor ikkje vere kredittrisiko ved ei slik avvising. Bankane kan likevel bli påførte ein likviditetssvikt som følgje av endra posisjonar dersom ein bank blir teken ut av avrekninga. Simuleringar viser at denne likviditetsrisikoen er avgrensa i dei fleste høve. Dagens løysing blir sett på som god.

### *NICS*

Etter § 4-2 i betalingsystemloven kan deltakarene i eit interbanksystem avtale at ei avrekning skal gjerast opp sjølv om ein bank blir sett under offentleg administrasjon. Tilstrekkelig likviditet til oppgjeret kan sikrast ved at bankane stiller garantiar. Med ei slik løysing vil gjennomføringa av eit oppgjer vere sikra sjølv om ein deltakar ikkje er i stand til å gjere opp for seg. Bankane kan likevel få kostnader dersom dei må innfri garantiskyldnadene sine. Ei slik løysing ville dermed innebere ein høgare kredittrisiko for bankane enn dagens løysing.

### *NBO*

Løysinga bankane har valt, inneber at masseoppgjeret i NBO kan bli avvist om ein deltakar manglar dekning for posisjonen sin. Sjølv om dette kan bli sett på som ein konsekvens av vala deltakarane i NICS har gjort, tilseier det at NBO ikkje fullt ut oppfyller kjerneprinsipp V.

### *DnB NOR*

DnB NOR overtek nettoposisjonane til deltakarbankane sine i masseavrekninga som blir gjort opp i NBO. Etter oppgjeret i NBO belastar eller godskriv DnB NOR kontiane til desse bankane. Fordi oppgjeret i DnB NOR føreset at oppgjeret i NBO har funne stad, får også deltakarbankane i DnB NOR ein likviditetsrisiko ved at masseoppgjeret i NBO ikkje er sikra.

DnB NOR er forplikta til å godskrive eller belaste deltakarbankane sine dersom oppgjeret i NBO er gjennomført. Dette gjeld sjølv om den største deltakaren i DnB NOR ikkje har dekning i form av innskot eller kredittliner. Derfor er deltakarane i DnB NOR sikra oppgjer dersom oppgjeret i NBO blir gjennomført.

**Kjerneprinsipp V blir rekna for å vere i hovudsak oppfylt for NICS, i hovudsak oppfylt for NBO, og oppfylt for DnB NOR.**

**Prinsippet er ikkje relevant for delen av oppgjeret som knyter seg til RTGS-transaksjonane.**

### Kjerneprinsipp VI

**Oppgjeret skal helst bli gjennomført ved bruk av fordringar på sentralbanken. Dersom andre aktiva blir brukte, skal dei ha liten eller ingen kredittrisiko.**

### *NICS*

NICS gjer ikkje opp transaksjonar. Følgjeleg er prinsippet ikkje relevant for NICS.

### *NBO*

Oppgjeret i NBO skjer i sentralbankpengar, det vil seie gjennom debitering og kreditering av bankane sine konti i Noregs Bank.

### *DnB NOR*

Samanlikna med eit oppgjer i ein sentralbank vil eit oppgjer i ein privat bank føre med seg ein viss risiko. Dersom den private oppgjersbanken blir sett under offentleg administrasjon, kan deltakarbankane tape innskot dei har fått gjennom deltaking i oppgjeret. Fordringar på oppgjersbanken kan dessutan bli lite likvide dersom oppgjersbanken får finansielle vanskar.

DnB NOR blir vurdert som kredittverdig, og fordringane på banken blir vurdert som likvide. Deltakarbankane treng dessutan ikkje ha innskot hos DnB NOR på andre tidspunkt enn når oppgjera blir gjennomførte. Deltakarbankar med kredittline treng i prinsippet ikkje å ha innskot i DnB NOR for å delta i oppgjeret.

**Kjerneprinsipp VI blir rekna for å vere ikkje relevant for NICS, oppfylt for NBO, og i hovudsak oppfylt for DnB NOR.**

## Kjerneprinsipp VII

**Systemet skal vere sikkert og operasjonelt påliteleg og ha beredskapsløysingar som sikrar gjennomføringa av det daglege oppgjeret dersom det ordinære systemet ikkje fungerer.**

Dersom eitt av dei tre systema får ein større operasjonell svikt, vil dette ha omfattande konsekvensar. Desse vil vere størst om NICS eller NBO sviktar. Det skuldast måten oppgjershierarkiet er bygt opp på og at omsetninga er størst i desse systema. Ein svikt i NBO eller NICS vil lettare få konsekvensar for dei andre systema enn ein svikt i DnB NOR. DnB NOR er avhengig av begge dei andre systema fordi majoriteten av transaksjonane som blir gjort opp i DnB NOR, først går gjennom NICS for avrekning og NBO for oppgjer.

### NICS

NICS Operatørkontor har konsesjon for NICS etter betalingsystemloven. BBS (Bankenes Betalings-sentral AS) tek seg av drifta av NICS.

Avvik i BBS blir registrert i BBS' *Avvikssystem*. Eit avvik blir følgt opp etter interne reglar og rutinar i systemet. BBS er sertifisert etter dei internasjonale standardane ISO 27001 og ISO 9001, og blir jamleg revidert av Det norske Veritas. NICS Operatørkontor har dessutan innført ei sertifisering av bankar som sender transaksjonar til Noregs Bank gjennom NICS.

BBS har utarbeidd ein *Avbrots- og katastrofeplan*, og det er etablert rutinar for å vedlikehalde denne planen. Planen er dokumentert i *Kvalitetssystemet* til BBS. Systemet framstiller rutinar som dei tilsette i BBS skal følgje i ulike situasjonar. Ved ein avbrotssituasjon i BBS har NICS prioritet. Avbrots- og katastrofeløysingane blir testa minst to gonger i året.

Data blir kontinuerleg sendte til reservedriftsstad. Full drift på reservestaden kan ifølgje BBS opprettast innan ein time ved feil i maskinvara.

Det er laga prosedyrar som sikrar at endringar i NICS er godkjente av ansvarleg instans før dei blir sette i produksjon.

Noregs Bank fører tilsyn med NICS og mottek periodiske rapportar om driftsavvik frå NICS Operatørkontor. Oppfølginga av avvik skjer i tilsynsmøte mellom Noregs Bank og NICS Operatørkontor. Noregs Bank kan stille krav om endringar i NICS dersom systemet ikkje er organisert slik at det varetek omsynet til driftsstabilitet.

Ut frå omsynet til beredskap ville det vore ønskjeleg å ha alternanderande driftsstad. Dagens reservestad blir berre teken i bruk ved øvingar eller dersom faktiske avvikssituasjonar skulle krevje det. NICS planlegg å etablere ei løysing med to driftsstader som skal vere i dagleg bruk.

### NBO

Den tekniske drifta av NBO er sett ut til ErgoGroup. Tryggleiks- og leveransekrava til ErgoGroup er avtalefesta gjennom ein Service Level Agreement (serviceavtale). Leveransen og eventuelle avvik blir vurderte mot krava kvar månad. Representantar for ErgoGroup og Noregs Bank går gjennom tryggingrutinar og -vurderingar i møte kvart halvår. Medan driftsleverandøren skal ha løpande teknisk kontroll, overvaker Noregs Bank oppgjera i NBO. ErgoGroup er sertifisert etter ISO 17799 og ISO 9001.

Reserveløysing og prosedyrar blir testa minst ein gong i året. Testane blir ofte gjennomførte i samarbeid med eksterne aktørar, hovudsakleg BBS/NICS. Beredskapsløysingar for ulike avviks- og krisesituasjonar som kan oppstå i NBO, er forklarnde i eit eige dokument. Beredskapsplanane for NBO blir samordna med andre relevante avdelingar i Noregs Bank.

Delsystema i NBO har tilgjengelege reserve-løysingar. Applikasjons- og transaksjonsdata blir kontinuerleg kopiert til ein reservestad for å sikre kontinuitet i drifta. Ei ulempe med beredskapsløysingar basert på kopiering av data er at eventuelle feil i data også blir kopierte til reservestaden. Denne risikoen blir redusert ved at saldo og transaksjonsdata periodisk blir kopierte over til eit rekneark.

Noregs Bank har innført styringsverktøy for endringsprosesser. Forslag til endringar i NBO må meldast inn til eit eige endringsforum som avgjer kva for endringar som skal gjennomførast.

Dagens NBO nærmar seg den maksimale teknologiske levetida si. Dette vil på sikt føre til gradvis høgare risiko. Det er ein del av bakgrunnen for at Noregs Bank arbeider med å implementere eit nytt oppgjerssystem. Dette prosjektet blir referert til som NIBO<sup>18</sup>. Det nye systemet vil etter planen settes i drift i 2008. NBO vil då bli mindre avhenging av å ha eigne folk med spesialkompetanse ettersom leverandøren vil stå for vedlikehald og systemutvikling.

Ut frå beredskapsomsyn ville det vore ønskjeleg med alternierende driftsstad, der drifta vekselvis kan flyttast mellom ulike stader. Dagens reservestad blir berre teken i bruk ved øvingar. Som ein del av NIBO vil det bli oppretta alternierende driftsstad.

CPSS (2001) tilrår at systemoperatøren blir sertifisert etter ein internasjonalt hevdvunnen tryggleiksstandard. Noregs Bank er, i motsetning til ErgoGroup og BBS, ikkje sertifisert etter ein slik standard.

### *DnB NOR*

DnB NOR har konsesjon etter betalingsystemloven. Den tekniske drifta av DnB NORs IT-infrastruktur er utkontraktert til EDB Business Partner (EDB). Tryggleiks- og leveransekrava til EDB er avtalefesta. DnB NOR har daglege møte med EDB, der blant anna avvik blir drøfta. EDB er sertifisert etter ISO 17799.

Drifta av interbanktenestene til DnB NOR, har to reserveløysingar, ei kontinuitetsløysing og ei katastrofeløysing. Kontinuitetsløysinga er etablert på ein stormaskin på den vanlege driftsstad. Ifølgje DnB NOR kan drifta flyttast til denne løysinga innan femten minutt dersom det oppstår svikt i den ordinære stormaskinen. Katastrofeløysinga er ei sekundærmaskin som står ein annan stad. Maskina kan etter det DnB NOR opplyser, bli sett i drift om lag fire timar etter at det er avgjort at den skal takast i bruk. Naudstraum og aggregat er installert begge stader. Data blir kontinuerleg kopiert til reserveløysingane. Kontinuitets- og katastrofeløysingane blir testa årleg. Kontinuitetsløysinga har blitt teke i bruk og har fungert tilfredsstillande ved

<sup>18</sup> NIBO står for nytt interbank oppgjerssystem.

produksjonsavvik.

Systemendringar blir prøvde i testmiljø før dei blir sette i produksjon. DnB NOR har dei siste åra gjennomført større endringar utan at det har oppstått vesentlege feil eller avvik.

Tryggingrutinane og systemdokumentasjonen blir evaluert og eventuelt endra ein gang i året. Ansvar og fullmakter for informasjonstryggleik og handtering av avvik er definerte. Avvik blir varsla av brukarar eller automatisk av overvakingssystema. DnB NOR har spesifiserte rutinar og tidsplanar for korleis slike varsel skal følgjast opp.

Deltakarbankane har tilgang til informasjon om oppgjerskontoen sin i sanntid. DnB NOR overvaker gjennomføringa av oppgjeret, og vil varsle ein bank dersom det oppstår problem eller unormale hendingar. Eit eksempel på dette er uvanleg store posisjonar i masseavrekninga.

DnB NORs internrevisjon reviderer årleg dei IT-systema som inngår i DnB NORs eigensertifisering for deltaking i NICS. Noregs Bank fører tilsyn med DnB NORs oppgjerssystem og mottar periodiske rapportar om driftsavvik. Avvik blir følgte opp i tilsynsmøte mellom Noregs Bank og DnB NOR. Noregs Bank kan stille krav til DnB NOR dersom systemet ikkje er organisert slik at det varetek omsynet til driftsstabilitet. Kredittilsynet har ansvar for det generelle tilsynet med DnB NOR.

DnB NORs standard for informasjonstryggleik er bygt opp rundt og testa mot ISO 17799, men DnB NOR har valt å ikkje la seg sertifisere slik det er tilrådt i kjerneprinsipp VII.

**Kjerneprinsipp VII blir rekna for å vere oppfylt for NICS, oppfylt for NBO, og oppfylt for DnB NOR.**

### Kjerneprinsipp VIII

**Systemet skal tilby effektive og praktiske betalingsløysingar.**

### *NICS og NBO*

NBO tilbyr bankane oppgjer av avrekningar og bruttotransaksjonar. Massetransaksjonar som blir avrekna av NICS, blir gjort opp to gonger kvart



døgn. Bruttotransaksjonar blir til vanleg gjorte opp umiddelbart etter at dei er mottekne av NBO. Medan bruttooppgjæret er føremålstenleg for store transaksjonar som må gjeres opp raskt, vil nettooppgjæret vere eigna for mindre transaksjonar som ikkje må gjeres opp raskt. Ettersom bankane kan velje mellom brutto- og nettooppgjæret, medverkar systemet til effektive og praktiske løysingar for ulike typar betalningar.

NICS Operatørkontor fastset prisane i NICS. Bankane kan påverke prisstrukturen i NBO, men Noregs Bank føreset full kostnadsdekning.

Samtalar med brukarane viser at dei meiner NICS og NBO er praktiske system som passar godt til det dei treng. Spørjeundersøkingar stadfestar inntrykket av at dei fleste er godt tilfreds.

### *DnB NOR*

DnB NOR tilbyr deltakarbankane sine betalingstenester gjennom ulike system, norske og utanlandske. Hovudvekta blir gjort opp gjennom masseoppgjæret i NBO. DnB NOR godskriv eller belastar deltakarbankane sine oppgjærskonti kort tid etter at oppgjæret i NBO har funne stad.

Deltakarbankane kan ha dekning for posisjonen sin i masseavrekninga i form av innskot eller kredittliner. Dette tilseier ein lågare likviditetskostnad for bankane enn ved direkte oppgjær i NBO, som krev innskot eller pantesikra tilgjenge til lån. Prisane for tenestene er fastsette ut frå kommersielle omsyn, men er gjenstand for konkurranse, då deltakarane kan velje ein annan oppgjærskontobank.

**Kjerneprinsipp VIII blir rekna for å vere oppfylt for NICS, oppfylt for NBO, og oppfylt for DnB NOR.**

### Kjerneprinsipp IX

**Systema skal ha objektive og offentleg tilgjengelege vilkår for deltaking som mogleggjer rettferdig og open tilgang.**

### *NICS*

Bankar og andre institusjonar som etter norsk lovgiving har rett til å drive bankverksemd i Noreg, kan knyte seg til NICS. Ei slik tilknytning føreset at

banken sluttar seg til relevante avtalar i NICS.

Ein bank kan stengjast ute frå deltaking i NICS dersom den grovt eller vedvarande bryt vilkåra for deltaking i NICS. NICS Operatørkontor kan vedta utestenging. Frå det tidspunktet operatørkontoret gir banken melding om at den kan bli utstengt, vil den få tretti dagar til å rette opp tilhøvet. Dersom det får monalege verknader for andre bankar i NICS at ein bank bryt vilkåra, kan banken bli stengt ute med ein gong inntil den har retta tilhøvet. NICS Operatørkontor vil gi banken melding om ei slik utestenging.

Avtalane som regulerer bankane si deltaking i NICS er offentleg tilgjengelege.

### *NBO*

Bankar i Noreg som sluttar seg til dei nødvendige avtalane, kan delta i NBO. Dette omfattar også dotterbankar og filialar av utanlandske bankar. Noregs Bank har opna for at bankar som er etablert innanfor EØS-området, kan ha eit distansesamband til NBO. Slike bankar kan ikkje ha lån eller innskot over natta.

Noregs Bank kan seie opp avtalen om deltaking i NBO med ein månads varsel. Oppseiinga skal vere sakleg grunnitt. Ved misleghald kan Noregs Bank seie opp avtalen med ein gong eller suspendere deltakaren.

Avtalane som regulerer bankane si deltaking i NBO er offentleg tilgjengelege.

### *DnB NOR*

Tilgjenge til DnB NORs interbanksystem blir gitt etter individuell vurdering basert på kommersielle prinsipp. For å kvalifisere for deltaking må bankane ha inngått avtale med BBS om deltaking i NICS og akseptere det tilhøyrande regelverket. Prisar for deltaking blir avtalt med kvar enkelt deltakarbank eller med bankgrupper.

Ein bank kan suspenderast frå oppgjæret i DnB NOR dersom den blir sett under offentleg administrasjon eller ikkje oppfyller kapitaldekningskrava<sup>19</sup>. Dersom ein bank på annan måte mislegheld pliktene sine slik dei er spesifiserte i avtalane med DnB NOR, og ikkje rettar dette i løpet av tretti dagar etter skriftleg varsel, kan banken bli suspendert. Ein bank kan

<sup>19</sup> Forskrift av 22. oktober 1990 nr 875 om kapitaldekning.

også bli teken ut av masseoppgjøret med verknad frå neste dag dersom den bryt kredittlinene den har fått hos DnB NOR. Føresetnader for tilslutning og suspensjon er presiserte i avtalane mellom DnB NOR og deltakarbankane.

Eit avvik i forhold til prinsipp IX er at verken informasjon om prisar eller andre høve som kan påverke tilgangen til DnB NORs oppgjerssystem, er offentleg tilgjengelege.

**Kjerneprinsipp IX blir rekna for å vere oppfylt for NICS, oppfylt for NBO, og i hovudsak oppfylt for DnB NOR.**

## Kjerneprinsipp X

**Systemet skal vere effektivt, klart og oversiktleg organisert.**

### NICS

NICS Operatørkontor blei oppretta av Finansnæringens Servicekontor (FNS) og Sparebankforeningens Servicekontor (SBS). Vedtaksfullmakta til operatørkontoret er regulert i eigne avtalar. Bransjestyret for bank og betalingsformidling i FNS og styret i SBS er øvste organ for NICS Operatørkontor. Desse skal blant anna godkjenne strategiar for NICS Operatørkontor og vedta investeringar i NICS. FNS og SBS vel dessutan styret for NICS Operatørkontor. Dette styret består av same representantar som styret for Fagutvalg for Avregning og Oppgjør (FAO).

Styringsstrukturen til BBS, driftsstadene til NICS, er sertifisert etter ISO 9001. Norske bankar eig BBS direkte, og NICS indirekte gjennom FNS og SBS.

### NBO

Noregs Bank har ein formelt definert ansvars- og vedtaksstruktur for NBO. Avgjerder som har mykje å seie for bankane, blir sendt på høyring før dei blir endeleg vedtekne i Noregs Bank. Endringar som er vedtekne, blir gjort kjent for bankane i rundskriv. Bankane får dermed høve til å påverke, og vedtaka blir gjort kjente på ein tilfredsstillande måte.

Den tekniske drifta av NBO er sett ut til ErgoGroup. Pliktene til ErgoGroup er regulerte i ein eigen avtale, som blant anna inneheld ein Service Level Agreement. ErgoGroup skal rapportere om avvik og blir målt kvar månad mot fastsette kriterium.

Styringsstrukturen til ErgoGroup er sertifisert etter ISO 9001.

Bankane betaler årsprisar og transaksjonsgebyr for deltaking i NBO. Noregs Bank har som mål at inntektene skal gi full kostnadsdekning for oppgjørstenestene.

### NICS og NBO

Brukarane gir klart uttrykk for at dei er tilfreds både med NICS og NBO.

NICS og NBO er knytte tett saman. Det krev god samordning mellom systema. Det er grunn til å rekne med at samordninga i hovudsak er tilfredsstillande i dag.

### DnB NOR

DnB NOR eig DnB NORs interbanksystem aleine og har ansvar for drift og styring av systemet. Systemet si tekniske drift er sett ut til EDB.

DnB NOR held deltakarbankane oppdaterte om forhold ved betalingsoppgjøret gjennom møte og kurs. I avtaleverket er det også presisert at DnB NOR må gi svar på eventuelle spørsmål om oppgjøret innan særskilde tidsfristar.

DnB NOR vedtek endringar i systemet, men deltakarbankane blir gjort kjente med endringane før dei blir gjennomførte. Det er ikkje etablert formelle rutinar som sikrar at deltakarane får høve til å uttale seg i framkant av at endringar blir vedteke. At DnB NOR er utsett for konkurranse, tilseier likevel at dei legg vekt på behova til deltakarbankane, også ved endringar i tenestene som leverast. Deltakarbankane vil dessutan kunne påverke utforminga av NICS og dermed medverke til å leggje premissane for dei private oppgjørbankane.

**Kjerneprinsipp X blir rekna for å vere oppfylt for NICS, oppfylt for NBO, og oppfylt for DnB NOR.**



# Referansar

- BIS Red Book (2007), *Statistics on payment and settlement systems in selected countries*, Committee on Payment and Settlement Systems (CPSS), Bank for International Settlements (BIS), mars 2007
- CPSS (2001), *Core Principles for Systemically Important Payment Systems*, Committee on Payment and Settlement Systems (CPSS), Bank for International Settlement (BIS)
- CPSS (1990), *Report of the Committee on Interbank Netting Schemes of the central banks of the Group of Ten countries (Lamfalussy Report)*, Committee on Payment and Settlement Systems (CPSS), Publication No. 4, november 1990
- ECB (2006a), *The Single Euro Payments Area (SEPA): An integrated retail payments market*, European Central Bank, april 2007, <<http://www.ecb.int/paym/pol/sepa/html/index.en.html>>
- ECB (2006b), *Towards a single euro payments area - fourth progress report*, European Central Bank, februar 2006
- ECB (2006c), *The Eurosystem's view of a "SEPA for Cards"*, European Central Bank, november 2006
- ECB (2007), *Annual Report 2006*, april 2007, <<http://www.ecb.int/pub/annual/html/index.en.html>>
- ECB Blue Book (2006), *Payment and securities clearing and settlement systems in the European Union and in the acceding countries. Addendum incorporating 2005 data*, European Central Bank, desember 2006
- Eklund, Solberg og Veggum (2005), "Norges Banks rolle i kontantforsyningen", *Penger og Kreditt*, nr. 3, 2005
- EPC (2007), *About SEPA: SEPA Components*, European Payments Council, april 2007, <<http://www.europeanpaymentscouncil.eu/>>
- EU-kommisjonen (2007), *European Economy news*, issue 5, januar 2007, <[http://ec.europa.eu/economy\\_finance/een/005/article\\_4324\\_en.htm](http://ec.europa.eu/economy_finance/een/005/article_4324_en.htm)>
- Federal Reserve Board (2006), "Currency and Coin Services", Payment Systems, The Federal Reserve Board, februar 2007, <<http://www.federalreserve.gov/paymentsystems/coin/default.htm>>
- Finansnæringens Hovedorganisasjon FNH (2006), *Avtale- og regelverksamling for innenlands betalingsformidling*, Småskrift, nr. 8, 2006
- Gresvik og Øwre (2002), "Bankenes kostnader og inntekter i betalingsformidlingen 2001", *Penger og Kreditt*, nr 4, 2002
- Humphrey, Kim og Vale (2001), "Realizing the gains from electronic payments: Costs, Pricing and Payment Choice", *Journal of Money, Credit and Banking*, nr. 2, 2001
- Humphrey, Pulley, Vesala (1996), "Cash, Paper, and Electronic Payments: A Cross-Country Analysis (in Payment Instrument Choice, Portfolio Allocation, and Monetary Policy Concerns)", *Journal of Money, Credit and Banking*, Vol. 28, No. 4, Part 2, november 1996
- Nordic Competition Authorities (2006), *Competition in Nordic Retail Banking. Report from the Nordic Competition Authorities*, nr. 1, 2006
- PBS (2007), "BBS og PBS danner nordisk korttransaksjonsselskap, NETS", *Pressemelding fra BBS og PBS*, Payment Business Services, mars 2007, <[http://www.pbs.dk/no/nyheter/nyhet\\_070316](http://www.pbs.dk/no/nyheter/nyhet_070316)>



# Tabellregister - Årsrapport om betalingssystem 2006

## *Generelle data*

Tabell 1: Overordna data for Noreg

Tabell 2: Teknologisk infrastruktur i Noreg

## *Betalingsmiddel i Noreg*

Tabell 3: Betalingsmiddel disponert av publikum (ved årets slutt, millionar kroner)

Tabell 4: Betalingsmiddel disponerte av bankane (millionar kroner)

Tabell 5: Setlar og myntar. Årsgjennomsnitt (millionar kroner)

## *Betalingsinfrastruktur*

Tabell 6: Institusjonell infrastruktur

Tabell 7: Talet på avtalar

Tabell 8: Talet på utferda kort (i tusen), talet på funksjonar i utferda kort (i tusen) og talet på terminalar

## *Kunderetta betalingstenester*

Tabell 9: Bruk av betalingstenester (millionar transaksjonar)

Tabell 10: Debet- og kreditoverføringar (giro) (millionar transaksjonar)

Tabell 11a: Betalingskort: Bruk av kort (millionar transaksjonar)

Tabell 11b: Betalingskort: Bruk av betalingsterminalar (millionar transaksjonar)

Tabell 12: Overføringar over landegrensene registrert i valutaregisteret (tusen transaksjonar)

Tabell 13: Bruk av betalingstenester (milliardar kroner)

Tabell 14: Debet- og kreditoverføringar (giro) (milliardar kroner)

Tabell 15a: Betalingskort: Bruk av kort (milliardar kroner)

Tabell 15b: Betalingskort: Bruk av betalingsterminalar (milliardar kroner)

Tabell 16: Overføringar over landegrensene registrert i valutaregisteret (millionar kroner)

## *Interbank*

Tabell 17: Gjennomsnittleg dagleg omsetning i avreknings- og oppgjerssystemer (transaksjonar)

Tabell 18: Gjennomsnittleg dagleg omsetning i avreknings- og oppgjerssystem (milliardar kroner)

Tabell 19: Tal på deltakarar i avreknings- og oppgjerssystem (ved årets slutt)

Tabell 20: Deltaking i SWIFT

Tabell 21: SWIFT-meldingar til og frå utanlandske brukarar (tusen transaksjonar)

## *Prisar*

Tabell 22: Prisliste for deltaking i Noregs Banks oppgjerssystem (NBO), gjeldande frå 1. januar 2007 (kroner)

Tabell 23: Prisliste for bankanes inn- og utlevering av kontantar i Noregs Banks depot

Tabell 24: Prisar på innanlandske betalingstransaksjonar, betalingsmottak og kontantuttak

Tabell 25: Prisar på overføringar frå Noreg til land i EU/EØS området. Vekta gjennomsnitt (kroner) i eit utval bankar

Tabell 26: Prisar på mottak av beløp frå utlandet. Vekta gjennomsnitt (kroner) i eit utval bankar

## Generelle data

Tabell 1: Overordna data for Noreg

	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006
Folketal (per 1. jan., millionar)	4,39	4,42	4,45	4,48	4,50	4,52	4,55	4,58	4,61	4,64
BNP, marknadsværdi (milliardar kroner)	1 119,18	1 140,36	1 240,43	1 481,24	1 536,89	1 532,31	1 593,83	1 743,04	1 942,89	2 147,99
BNP Fastlands-Noreg, marknadsværdi (milliardar kroner)	919,03	992,60	1 045,34	1 113,89	1 179,59	1 224,64	1 274,83	1 355,31	1 445,96	1 563,08
BNP per capita (tusen kroner)	254,78	258,14	279,04	330,63	341,53	339,01	350,29	380,58	421,45	462,93
Kurs mot USD (årsrslutt)	7,32	7,60	8,04	8,85	9,01	6,97	6,68	6,04	6,77	6,26
Kurs mot Euro (årsrslutt, ECU t. o. m. 1998)	8,06	8,90	8,08	8,23	7,97	7,29	8,42	8,24	7,99	8,24

Tabell 2: Teknologisk infrastruktur i Noreg

	1997	1998	1999	2000	2001 (juli)	2002 (juli)	2003 (juli)	2004 (juli)	2005 (juli)	2006 (juli)
<b>Telefon fastnettabonnement</b>	<b>2 474 964</b>	<b>2 475 490</b>	<b>2 445 734</b>	<b>2 400 785</b>	<b>2 362 625</b>	<b>2 316 556</b>	<b>2 268 183</b>	<b>2 205 902</b>	<b>2 147 998</b>	<b>2 084 456</b>
PSTN	2 325 010	2 165 530	1 913 657	1 682 603	1 603 525	1 496 119	1 445 236	1 394 088	1 345 719	1 224 626
ISDN	149 954	309 960	532 077	703 843	741 600	800 451	798 751	768 785	682 742	564 428
Telefoni over kabel-TV-nett				14 325	17 500	19 986	23 301	23 155	22 037	16 332
Andre typar faste tilknytingar (IP-telefoni med meir)				14			895	19 875	97 500	279 070
<b>Telefon mobilabonnement</b>	<b>1 676 763</b>	<b>2 106 414</b>	<b>2 744 793</b>	<b>3 339 936</b>	<b>3 411 962</b>	<b>3 699 471</b>	<b>3 869 792</b>	<b>4 295 042</b>	<b>4 615 337</b>	<b>4 886 755</b>
<b>Breibandsabonnement</b>					<b>44 852</b>	<b>136 153</b>	<b>280 111</b>	<b>517 148</b>	<b>835 695</b>	<b>1 126 921</b>

Kjelde: Post og teletilsynet

## Betalingsmiddel i Noreg

Tabell 3: Betalingsmiddel disponert av publikum (ved årets slutt, millionar kroner)

	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006
<b>Pengemengda (M2)</b>	<b>590 207</b>	<b>616 938</b>	<b>683 855</b>	<b>753 270</b>	<b>818 859</b>	<b>882 913</b>	<b>904 216</b>	<b>972 012</b>	<b>1 084 205</b>	<b>1 227 188</b>
<b>Betalingsmiddel i alt (M1)</b>	<b>268 754</b>	<b>278 716</b>	<b>342 362</b>	<b>370 378</b>	<b>384 631</b>	<b>399 711</b>	<b>427 689</b>	<b>472 058</b>	<b>550 946</b>	<b>679 957</b>
Setlar og myntar	42 215	42 142	43 366	42 523	42 038	40 282	41 685	43 340	46 530	48 247
Innskot på transaksjonskonti	226 539	236 574	298 996	327 855	342 593	359 429	386 004	428 718	504 416	631 710
<b>Andre innskudd</b>	<b>278 741</b>	<b>292 820</b>	<b>295 820</b>	<b>326 350</b>	<b>370 171</b>	<b>409 704</b>	<b>407 457</b>	<b>423 185</b>	<b>435 529</b>	<b>472 758</b>
<b>Banksertifikat og lutar i pengemarknadsfond</b>	<b>42 712</b>	<b>45 402</b>	<b>45 673</b>	<b>56 542</b>	<b>64 057</b>	<b>73 498</b>	<b>69 070</b>	<b>76 769</b>	<b>97 730</b>	<b>74 473</b>

Tabell 4: Betalingsmiddel disponerte av bankane (millionar kroner)

	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006
Kontantbeholdning i bankane ved årsslutt	4 240	4 395	5 116	4 879	5 290	5 063	4 980	4 649	5 733	6 987
Kontantbeholdning i bankane årsgjennomsnitt	3 835	3 940	4 519	4 431	4 817	4 675	4 409	4 457	4 960	6 198
Bankane sine folioinnskot i sentralbanken <sup>1</sup> ved årsslutt	8 139	4 716	18 330	11 540	17 438	33 348	22 117	35 240	30 854	19 459
Bankane sine folioinnskot i sentralbanken årsgjennomsnitt	8 463	6 986	8 016	9 233	11 804	15 647	24 690	21 337	28 666	24 536
Utlån frå sentralbanken (F-lån + D-lån) ved årsslutt	547	6 918	13 600	14 160	12 443	19	10 460	7	17 769	56 959
Utlån frå sentralbanken (F-lån + D-lån) årsgjennomsnitt	790	1 225	4 385	5 104	13 356	538	2 978	18 788	14 694	34 411
Bankane sine innskot i pengeholdande sektor ved årsslutt	14 828	13 421	13 594	15 774	16 633	16 027	19 982	18 383	21 437	32 022
Bankane sine innskot i pengeholdande sektor årsgjennomsnitt	16 107	15 830	18 538	18 173	20 420	16 737	23 148	23 897	22 723	28 605

<sup>1</sup> Tala viser dagleg gjennomsnitt siste halvdel av desember.

Tabell 5: Setlar og myntar. Årsgjennomsnitt (millionar kroner)

	1997	1998	1999	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006
<b>Total</b>	<b>41 221</b>	<b>43 578</b>	<b>43 837</b>	<b>43 571</b>	<b>42 947</b>	<b>41 767</b>	<b>41 562</b>	<b>43 728</b>	<b>45 887</b>	<b>49 218</b>
<b>Setlar totalt</b>	<b>38 284</b>	<b>40 487</b>	<b>40 566</b>	<b>40 119</b>	<b>39 271</b>	<b>37 811</b>	<b>37 429</b>	<b>39 429</b>	<b>41 382</b>	<b>44 523</b>
1000-kroner	26 711	27 773	27 290	26 336	24 713	22 599	22 167	23 555	24 649	25 818
500-kroner	4 068	4 875	5 588	6 107	6 921	7 626	7 732	8 278	9 060	10 374
200-kroner	2 630	3 650	3 949	4 275	4 446	4 573	4 674	4 792	4 819	5 296
100-kroner	4 246	3 473	3 027	2 684	2 464	2 270	2 091	2 012	2 021	2 119
50-kroner	629	717	712	717	727	744	765	793	833	916
<b>Myntar totalt</b>	<b>2 937</b>	<b>3 090</b>	<b>3 271</b>	<b>3 452</b>	<b>3 676</b>	<b>3 955</b>	<b>4 132</b>	<b>4 299</b>	<b>4 506</b>	<b>4 695</b>
20-kroner	655	779	873	966	1 124	1 387	1 561	1 667	1 778	1 849
10-kroner	1 010	1 030	1 046	1 087	1 111	1 085	1 051	1 049	1 076	1 145
5-kroner	415	440	474	487	497	505	515	538	563	598
1-krone	518	561	590	617	641	666	686	718	753	799
